

# SKILDRINGAR AV LANDSKAPSUNDERREGIONAR I HARDANGER OG DELAR AV SUNNHORDLAND

ANNE ELGERSMA



NIJOS-rapport 8/ 2000

# SKILDRINGAR AV LANDSKAPS UNDERREGIONAR I HARDANGER OG DELAR AV SUNNHORDLAND

ANNE ELGERSMA

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås  
NIJOS rapport 8/2000

Alle bilete: Anne Elgersma

<b>Tittel:</b>	Skildringar av landskapsunderregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland		<b>NIJOS nummer:</b> Rapp 8/ 2000
<b>Forfattar:</b>	Anne Elgersma		<b>ISBN nummer:</b> 82-7464-255-4
<b>Oppdragsgiver:</b>	Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga		<b>Dato:</b> 18/ 11/ 1999
<b>Fagområde:</b>	Landskap		<b>Sidetal:</b> 49
<b>Utdrag:</b>			
<p>I Nijos sitt "Referansesystem for landskap" vert landskapet skildra i ein hierarkisk struktur med 3 ulike nivå. Øvst, på nasjonalt nivå 45 landskapsregionar. Dette er store einingar, skildringane er generelle og dekkjer landskapstypar som for dei fleste regionane strekkjer seg over fleire fylke. Kvar landskapsregion er delt inn i fleire underregionar. For desse vert landskapet skildra i større detaljeringsgrad. Det lægste nivået i hierarkiet er landskapsområdet. Slike skildringar finn ein i Nijos rapport 7/2000 som og er del av dette oppdraget. Eit av måla med med skildringane er å danna seg ein mal for regional og underregional opplevingskvalitet. Verdiklassifiseringa av landskapet i landskapsområda vert å referera til slike malar og ein kan på denne måten få fram om landskap kan ha regionale, evt. nasjonale kvalitetar.</p> <p>I dette dokumentet vert landskapet skildra i 4 landskapsregionar og 6 landskaps underregionar, som tilsaman dekkjer store delar av Hardanger og Sunnhordland.</p>			
<b>Abstract:</b>			
<b>Andre NIJOS publikasjonar frå prosjektet:</b>			
<p>Evaluering av opplevingskvalitet i utvalde dalføre på Folgefonna. NIJOS rapport 7/ 2000.</p>			
<b>Emneord:</b> Landskapsskildringar	<b>Keywords:</b>	<b>Ansvarleg underskrift:</b>	<b>Pris kr.:</b> Kr. 320,- (fargetrykk)
<b>Utgiver:</b>			
<p>Norsk institutt for jord- og skogkartlegging Postboks 115, 1430 Ås Tlf.: 64949700 Faks: 64949786 e-mail: nijos@nijos.no</p>			

# Innhald

<b>INNHALD.....</b>	<b>III</b>
<b>FORORD.....</b>	<b>IV</b>
<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
<b>2. INNDELING AV LANDSKAP.....</b>	<b>2</b>
2.1 Nasjonal og regional inndeling.....	2
2.2 Landskapskomponentar.....	3
2.3 Landskapsklassifisering.....	5
<b>3. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 23.....</b>	<b>6</b>
3.1 Regional skildring.....	6
3.2 Underregion 23.18 Fruktbygdene i indre Hardanger.....	9
3.3 Underregion 23.19 Samlafjordbygdene.....	13
3.4 Underregion 23.20 Oddadalen.....	17
<b>4. LANDSKAPSSKILDRINGAR REGION 22.....</b>	<b>21</b>
4.1 Regional skildring.....	21
4.2 Underregion 22.20 Bygdene i Kvinnherad og Strandebarne.....	23
4.3 Underregion 22.22 Åkrafjorden - Matrefjorden.....	27
<b>5. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 21.....</b>	<b>31</b>
5.1 Regional skildring.....	31
5.2 Underregion 21.08 Halsnøy.....	33
<b>6. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 17.....</b>	<b>36</b>
6.1 Regional skildring.....	35
6.2 Underregion 17.07 Folgefonni.....	38
<b>7. REGIONALE MALAR FOR VURDERING AV LANDSKAPSKVALITET I LANDSKAPSOMRÅDA.....</b>	<b>41</b>
7.1 Evaluering.....	41
7.2 Region 21.....	42
7.3 Region 22.....	45
7.3 Region 23.....	47

## FORORD

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging har fått i oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, å evaluera landskapsverdiar i utvalde dalføre på Folgefonnhalvøya. I oppdraget inngår og skildringar av underregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland. Ein del av materialet i skildringane som t.d. opplysningar om berggrunnen vert henta frå kart og publikasjonar. For å kunne evaluera landskap lokalt må ein ha synfare heile regionen landskapet ligg i, jamvel fleire nær beslekta regionar lyt ein ha oversikt over. Det er ved å reise gjennom landskapet ei skildring vert til. Synfaring i regionane i samband med oppbygginga av Referansesystemet for landskap tok til tidleg på nittitalet, til dette oppdraget vart det gjennomført ei ny synfaring i Hardanger og Sunnhordland august 1999.

## 1. INNLEIING

Ved NIJOS har ein det siste tiåret arbeidd fram ein omfattande base med opplysningar om landskapet i Norge. Denne basen " Referansesystem for landskap" er bygd opp som eit hierarki med fleire nivå.

Fylkesmannen i Hordaland ved miljøvernavdelinga, ønskjer å få evaluert landskapsverdiar i utvalde dalføre kringom Folgefonnhalvøya. Evalueringa har gått føre seg på det mest detaljerte nivået i referansesystemet, landskapsområdet. I desse landskapsområda vert opplevingsverdiane av landskapskomponentane skildra og verdsett, men skal slik verdsetjing ha nokon verdi utover eigenverdien lyt ein referera til større einingar i hierarkiet. Dei andre nivåa oppover i hierarkiet er landskapsunderregion og landskapsregion og desse nivåa dekkjer suksessivt større landareal i fylket og over fylkesgrensene saman med dei andre vestlandsfylka. På denne måten kan ein få fram om kvalitetar i lokallandskapet kan ha regionale eller nasjonale verdiar.


Landskapsunderregionar er då det mellomste nivået i eit inndelingshierarki av landskap. Nivået har til no ikkje vorte skildra i Hordaland fylke, men ein har tidlegare synfare fylket i samband med uttakinga av landskapsregionar og landskapsunderregionar. I samband med kartleggjinga i dalføra på Folgefonnhalvøya er skildringar av dei underregionane som dekkjer halvøya turvande for den vidare evalueringa av dei lokale landskapsverdiane.

## 2. INNDELING AV LANDSKAP

### 2.1

#### NASJONAL OG REGIONAL INNDELING

NIJOS sin metode for landskapskartlegging er ei romleg inndeling av landskapet i tre ulike nivå. Uttakinga av einingane er ordna i ein hierarkisk struktur. Nasjonalt, det øvste nivået i hierarkiet, føreligg ei inndeling i 45 landskapsregionar. Dette er store einingar med generelle skildringar ( Elgersma 1996, Elgersma og Asheim 1998). Den regionale inndelinga dannar ei referanseramme for dei andre nivåa i hierarkiet. Landskapsunderregionar femner delar av ein region. Dei har regionen sine hovudtrekk, men skil seg ut på grunn av lokalt serpreg. Det tredje nivået er landskapsområdet, som er den minste eininga i kartleggingssystemet.




1. Utsnitt frå Landskapsregionar i Norge (Elgersma 1998) som syner inndelinga i landskapsregionar og landskapsunderregionar.


## 2.2

### LANDSKAPSKOMPONENTAR


I dette dokumentet vert tilsaman 6 landskapsunderregionar i Hardanger og Sunnhordland skildra. Landskapet i underregionane vert delt inn i 6 ulike landskapskomponentar og kvar komponent vert skildra. Heile underregionen får ei evaluering. Landskapskomponentane er:



Landskapets hovudform.




V-forma dal



Geologisk innreiing



Urd




Vegetasjon




Almeskog







Vatn og vassdrag




Fossar



Jordbruksmark



Innmark



Busetnad



Byggjestil

Skildringane inneheld ein skilde vurderingar om landskapskomponentane sin regional evt. nasjonal betydning og korvidt landskapet har typiske og/ eller sjeldne verdiar. Til slutt vert det gjeve ei kort skildring av landskapskarakteren av underregionen.

## 2.3

### LANDSKAPSKLASSIFISERING

Landskapets opplevingskvalitetar vert evaluert med utgangspunkt i komponentane sitt/ si

Mangfald

Inntrykkstyrke

Heilskap

**Mangfald:** Er eit landskap sett saman av mange ulike element med stort mangfald i form, farge og tekstur, aukar dette potensialet for ulike opplevingar i landskapet samanlikna med tilsvarende landskap som har lågt mangfald.

**Inntrykksstyrke:** Store kontrastar i sterke komposisjonar skapar dramatikk og spaning, sterke inntrykk gjev høgare og meir varig opplevingsverdi enn svake inntrykk.

**Heilskap:** Landskap der dei ulike elementa står i eit avbalansert forhold til kvarandre, noko som skapar harmoni. Strukturane er ikkje brotne av inngrep eller manglande kontinuitet.

Landskapets opplevingsverdi vert inndelt i 3 klassar; A, B, og C. Klassane A og B er todelte, dvs A1 og A2 der A1 har høgst verdi, og B1 og B2 der B1 har høgst verdi. Typisk landskap vert plassert i Klasse B. Inntrykkssterkt landskap med stort mangfald og god heilskap vert plassert i A-klassen. Inntrykkssvakt landskap, og landskap der inngrep sett ned heilskapen i landskapet vert plassert i klasse C.

**Klasse A** Landskapsområde der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskilt opplevingsrikt. Eit slikt landskap er då heil skapleg med stort mangfald og høg inntrykksstyrke. Homogent og heilskapleg landskap med usedvanleg høg inntrykksstyrke høyrer og til her.

Klasse A1 vert skildra som det ypparste og mest eineståande landskapet i regionen.

Klasse A2 har høg inntrykksstyrke og mangfald.

**Klasse B** Femnar det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvalitetar, men er ikkje eineståande. Dersom eit statistisk stort nok materiale føre ligg vil dei fleste landskapsområde liggje i denne klassen.

Klasse B1 syner det typiske landskapet utan inngrep i landskapet.

Klasse B2 syner det typiske landskapet med noko lågare mangfald og einskilde uheldige inngrep.

**Klasse C** Inneheld inntrykksvake landskap med liten formriksdom og/eller landskap dom inert av uheldige inngrep.

## 3. LANDSKAPSSKILDRINGAR

### 3.1

#### REGIONAL SKILDRING

Bygdene i dei indre delane av fylket høyrer til landskapsregion 23. Indre bygder på Vestlandet. Landskapet her er soleis del av eit regionalt fellesskap som strekkjer seg frå Suldalsvatnet i Rogaland til Sunndalen på Nordmøre. Skildringane er henta frå Landskapsregioner i Norge, landskapsbeskrivelser (Elgersma & Asheim 1998)

#### REGION 23. INDRE BYGDER PÅ VESTLANDET

Regionen strekker seg fra nord i Rogaland til Nordmøre og har landskap som Norge er internasjonalt kjent for, det helt ultimate fjordlandskap med meget dypt innskårne fjorder omkranset av snøklede fjelltopper.

#### Naturforhold

Nord for Indre Sogn finnes grunnfjellsbergarter tilhørende den vestnorske gneisregionen. Dal- og fjordformen karakteriseres ved grove, faste former. I Møre og Romsdal er bergartene sterkt vitret i fjellet, noe som gir forrevne formasjoner i det alpine landskapet. Sjørover preges regionen av en stor omveksling i berggrunnen. Dette har hatt en god del å si for de forskjellige landskapstrekk som karakteriserer de enkelte deler av regionen.

Hele den indre delen av Sognefjorden ligger innenfor jotunkomplekset, med skyvedekker synlig som langstrakte stup i fjellsidene og en sterk utflating mot fjelltoppene. Bergartene er sterkt oppkuste, fjordliene er derfor dekket med grov ur. Langsetter jotundekket nordflanke i nordøstlig retning ligger et belte med omdannede sedimentære bergarter hovedsakelig bestående av kalkholdig fyllitt. Bergartene er lettvitret og næringsrike. En stor anorthosittkropp ligger mellom Sogn og Hardanger. Makrolagdelingen i den har gitt den trange Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, de nederste 7-800 m av fjordveggen står som stup. I denne høyden brytes den egentlige fjordformen av en markert dalskulder, som er en rest etter et paleisk dal-landskap, forløperen til fjordene. I Flåmsdalen kommer fyllittene tilbake, de gir et V-format dalføre med småknudrete dalsider. Flere steder har elva i dalbotnen erodert seg dypt ned i det oppsprukne berget. Dette fenomenet forekommer også mange andre steder. Vossetraktene og Hardangerfjorden ligger i jotundekkenes vestre utstrekning. Skyvedekkenes karakteristiske bratte vegger danner et markert trekk i landskapet (Vassfjóra), men traktene domineres av fyllittene i bunnen med sine små ruglete former og frodighet. Eidfjorden preges av granittenes snaue flater og goldhet. Generelt finnes det lite løsmasser i regionen, skredavsetninger og noe morene finnes avsatt nederst i liene. Vittringsjord og skifermorene er vanlig der fyllitt forekommer. Fjellområdene er stort sett bare. I dalbunnen består løsmassene av elveavsatt sand og grus. I de fleste dalmunningene ligger breelvavsetninger avsatt tvers over dalen og elveterrasser suksessivt avsatt i lavere nivå. Karakteristisk for regionen er hengende daler og bratte dalender, en morfologi som gir mange, høye fossefall. Vassdragene er generelt korte, men på grunn av høy nedbør i fjellet vannrike og derfor regulert til vannkraft. Innsjøer har form av fjordsjøer eller botnvann for dem som ligger i fjellet.

Klimaet skiller regionen sterkest fra tilgrensende områder: svakt kontinentalt med forholdsvis varm sommer og mindre nedbør enn i regionene lenger vest, deler av indre Sogn har bare 5-600 mm nedbør. Vegetasjonsbildet domineres av bjørkelier med innslag av edelløvtrær, alm, lind og hassel. Oreskoger med hegg dekker flere liser. Furuskog forekommer på tørrere steder. Store felt med granplantinger er vanlig, naturlig forekommer grana bare på Voss og en liten lokalitet i Luster.

#### Arealbruk

Bosettingshistorien går tilbake til tidlig bronsealder. Husmannsvesenet har vært middels utbredt, bortsett fra indre Sogn som har hatt et sterkt husmannsvesen og plassbønder helt fram til våre dager. Også de indre bygdene på Vestlandet preges av en intens dyrking og høsting i utmarksarealene gjennom lange tider. Hver jordflekk, selv de som har ligget langt oppetter fjellsidene, har vært ryddet til slått. Utmarka ble sterkt beitet ved hjelp av gjerder og stengsler. Utvalgte treslag ble styvet og løvet nyttet til fôr. Store deler av fjellsidene preges derfor ennå av de ulike kulturmarkstypene fra tidligere tider selv om skogen etterhvert tar helt over. Innmarka rundt gårdstunene preges av en småskala-oppdyrking utført etter terrengets fysiske betingelser og muligheter. I særlig bratte bakker ble det murt opp bakkemurer, men dette varierer fra sted til sted. Til gårdene hører heimstøler eller vårstøler og fjellstøler, for noen også midtstøler. De første fjellstølene kom i bruk allerede for 3500 år siden. Ku og geit har tradisjonelt vært de vanligste husdyrene, i nyere tid har sauen tatt over, og geita er blitt henvist til de indre

dalbygdene som har fjellbygdkarakter. Fruktdyrking finnes i Hardanger og indre Sogn, noe også i Nordfjord og på Sunnmøre. Ullensvang alene har 20% av landets frukttrær, og det aller meste av morelldyrkinga.

Turisme og hoteldrift er viktige næringer over hele regionen. Laksefisket har vært utbredt og brakte de første turistene til Vestlandet. Regionen er spredtbygd, tettbygde strandsteder hører til i nesten hver kommune. I dette århundre har det vokst fram flere steder basert på smelteverk, mest aluminium og silisium.

### **Bebyggelse og andre kulturspor**


Hovedtrekkene i bebyggelsen er mye det samme som for region 22. De indre bygdene utmerker seg ved et stort antall bygninger i vakker sveitserstil, særlig hører enkelte hotellbygninger til de arkitektoniske perlene. I tillegg finnes flere av landets stavkirker i regionen. Middelalderske steinkirker og de senere bygde hvite tømmerkirkene har også gjerne en fremtredende plass på et høydedrag i fjordlandskapet. Spesielt for regionen er de mange og tilsynelatende utilgjengelige hyllegårder som ligger høyt over fjorden eller i dalsider. Flere bygder har helt til nå vært veiløs på grunn av den vanskelige topografien.

Veiutbygging er derfor et viktig tema, i liten grad har det vært diskutert de meget store visuelle inngrep veibyggning fører med seg i fjordlandskapet, og hva dette betyr for vårt internasjonale ry. Noe av det samme gjelder kraftutbygging med tørrlegging av elver i dalene og elveforbygginger.

### **Landskapsinntrykk**

Dype fjorder og daler, snøklede fjell. Fruktdyrking. Landskapsdramatikk.

I Hordaland høyrer 4 underregionar til landskapsregion 23, tre av dei vert skildra i denne rapporten. Dei er 23.18 Fruktbygdene i indre Hardanger, 23.19 Samlafjordbygdene og 23.20 Oddadalen.



2. Utsnitt frå Landskapskart over Hordaland, revidert utgåve (Elgersma 1998), som syner landskapsunderregionane 23.18 Fruktbygdene i indre Hardanger, 23.19 Samlafjordbygdene og 23.20 Oddadalen.

### 3.2

#### UNDERREGION 23.18 FRUKTBYGDENE I INDRE HARDANGER

##### Landform

Mektige fjordløp akslar landskapet i underregionen med Sørfjorden som eit av det mest storskalerte og dramatiske fjordløp i heile regionen. Frå fjordbunnen i Odda til samløpet med Eidfjorden stig fjellveggane lukst til vers. Her er ikkje plass for meir enn nokre botnar og nisjer i høgt i fjordsidene. Langs vestsida kvelvar Folgefonna sine kvite vidder over fjelltoppane som når opp i 1600 m høgde. Her er soleis stort relieff. Berggrunnen består av ein kompleks struktur med omdanna sediment- og vulkanske bergartar av prekambrisk alder og her er både kvartsittar og omdanna basaltar og tuffer. Kvartsittar gjev linjert bergstruktur medan dei andre er meir homogene mørke eller rustraude bergartar. Noko meir moderat er fjordløpa vidare innover mot Eidfjord og Granvin, jamvel om det her fleire stader og er svært bratte sider og trøngt løp. Langs Eidfjorden blottast migmatittar og inst i fjordbunnen mot Eidfjord og Simadalen og granittar, noko som gjev store, snaue bergveggar. I Ulvik og i delar av Granvin er nedre del av profilen noko meir avrunda som fylgje av den mjuke fylltitten som førekjem i området. Karakteristisk for traktene her er skuvedekkena som med sine bratte forkantar ruvar høgt over bygdene, majestetisk serleg fjellet Vassfjora i Ulvik. Sidedalane til fjordsystemet er korte, dei fleste dalane V-skorne og tronge. Mange av slike tronge dalar fører opp til eit hengande og u-forma dalføre bakenfor som ligg i 7-800m høgde. Karakteristisk for fjorddalane er at den kraftige u-formen og at dalløpa etterkvart går over i bratte gjel, vert tverrkutta og ender blindt i ein bratt avslutning mot fjellvidda. Nokre av dei finaste døme i regionen er Måbødalen og Hjølmadalen.



3. Sørfjorden. Kraftige akslar set sitt preg på dette fjordløpet.

### **Geologisk innreiing**

Framtredande element i fjordlandskapet er dei høge nakne stup i fjellsidene samt skredfar. V-forma rasskard hogg seg inn i dei snaue lidene, deira skuggeverknad framhevar bergstrukturane. Eit eksemplarisk område som syner bergavskaling (eksfoliasjon) finnst i Eidfjord, her saman med grov blokkurd. Blokkurd er og vanleg andre stader. I fjorddalane finnst terrasselandskap, stader med regional betydning er avsmeltingslandskapet i Husedalen og Hæreidterrassen. Hæreidavsetninga er stort sett intakt, og med sine mange fornfunn og kulturlandskap har denne avsetninga absolutt nasjonale kvalitetar. Fordelinga av lausmassar i underregionen er ujamn. Morene- og skred avsetningar ligg som ein brem nederst langs fjorden. I område med fyllitt førekjem ein heil del vitringsjord og stadvis tjukke dekker med skifermorene. Store delar av fjellsidene har svært tunt lausmassedekke. Marin grense er omlag 100 - 130 moh

### **Vegetasjon**

Underregionen har eit betydeleg innslag av varmekrevjande vegetasjon og dei fleste artane ein finn i edellauvskog er å finna, jamvel eika. Dette treslaget er likevel truleg meir som kulturtreslag og solitært å rekna då ein stort sett (?) finn det i og nær innmarka. Forekomsten av storblada lauvskog er likevel knytta til gunstige næringsforhold i jorda, og av den grunn er det lågare forekomst i Eidfjorden samanlikna med Granvin - Ulvik traktene og stader i Sørfjorden. Store hatlskogar, tidlegare kulturskogar, finnst mange stader i lidene, men mange av dei er no i ein fase der andre treslag tek over. Innover i dalane og i høgda er det bjørka som dominerar, på moer furu og bjørk. Hamnehagane vert ikkje stelte lenger med og veks til. I fjordliene er det planta ein god del gran, noko som påverkar landskapsbiletet med rektangulære strukturar. Planting av gran har stagnert dei seinare åra, frøspreiing fører til at dette treslaget i framtida i stadig sterkare grad vil påverka landskapet, men då meir som naturlege etableringar.

### **Vatn og vassdrag**

I underregionen munner ut fleire store vassdrag som har tilfang frå vide fjellområde, og nokre av elvane er soleis vassrike. I eit område der mykje av fallet i elvane ligg i vassdraga sin nedre del gjev dette då mange fossefall og stryk nær fjorden. Nokre av fossefalla er regulerte og ligg turre medan andre kan opplevast i all deira storleik og fascinasjon. Fossefalla i Husedalen, Hjølmo-fossen og Vøringsfossen er av landets største og ligg i dramatisk natur. Somme elvar har lengre strekningar som ligg i låglandet, tidlegare åstad for eit stort laksefiske er no mykje av dette borte. Kulturlandskapet langs elvane veks til og elva vert vanskelegare å få auge på. Fjordsjøer er eit anna trekk i underregionen. Eidfjordvatnet med dramatisk natur rundt er eit typisk regionalt eksempel. Granvinvatnet med kulturlandskapet rundt har eit anna preg. Samanlikna med resten av underregionen har ikkje Sørfjorden framtredande vassdragsnatur, men i periodar med nedbør er her fleire høge fosseslør ned dei bratte fjellsidene. Fjorden si strandlinje er sterkt påverka av tippar og fyllingar og her er liten intakt strandlinje.

### **Jordbruksmark**

Underregionen er utan tvil landets største fruktdyrkingsdistrikt og har dei beste kvalitetane. Dette er då og noko av landets mest kjendte landskap internasjonalt, og har stort ry. Fruktdyrkinga set med sin rader av frukttre eit spesielt preg på kulturlandskapet ulikt alt anna innan dyrking av jord. Fruktdyrkinga foregår i eit avgrensa belte ned mot fjorden og dyrkingslandskapet dannar sterke kontrastar til fjellnaturen. Største distrikta i underregionen er Sørfjorden til og med utløpet av Eidfjorden og Ulvik der ein har eit nærmast samanhengjande dyrkingslandskap. Spreidd fruktdyrking finnst i Granvin. Delar av

fruktdyrkingslandskapet er terrassert. Frå Bu og vidare innover Eidfjorden dominerar eng til produksjon av grovfor, sameleis gjeld dette for dei høgareliggjande gardane i underregionen. Det er framleis mykje gamalt jordbrukslandskap som er i drift. Areala er småskala og ofte brattlendte og har stort innslag av gamle lauvstyver. Jordbrukslandskapet har saman med mykje intakt tradisjonell bygningsmasse i tuna kvalitetar over det regionale snittet.



4. Ystanes i Ullensvang herad. Fruktdyrkingslandskapet langs med fjorden er truleg ikkje nokon stad sterkare enn i denne underregionen og har heilt klart nasjonale kvalitetar.

### **Busetnad**

Busetnaden i underregionen ligg i all hovudsak langs med fjorden. Her er åpent dyrkingslandskap mange stader og bygningsmiljøa er synleg på stor avstand over fjorden og fortone seg som ei rekkjebusetnad der tuna ligg etter kvarandre langs vegen. Unntaka er busetnaden i Øvre Eidfjord, langs Granvinvatnet og Espelandsdalen der mykje av busetnaden ligg samla i grender. Bygningar oppført i vanleg vestlandsstil og i sveitserstil er vanleg å finna i underregionen, her finnst fleire fjordhotell bygde i sveitserstil. Underregionen kan seiast å ha høg grad av intakte bygningsmiljø samanlikna med resten av regionen, Agatunet som eit av det mest særprega og kjendte tun. Skifertak er og tradisjonalt mykje brukt saman med gråsteinsmur i tuft og forstøtningsmurar til veg og dyrking. Likevel: stilbrot førekjem og dette er eit problem som ikkje ser ut til å ha minke, serleg bryt næringsbygg av ulike slag dei tradisjonelle bygningsmiljøa. Av eldre veganlegg og stiger kan nemnast veganlegga i Måbødalen og munkatreppene i Ullensvang. Delar av vegnettet ligg inngrepsprega i dette fjordlandskapet med store rotete fyllingar i fjorden, ikkje minst synest dei etterkvart mange skogsvegane langs fjorden.

### **Landskapsvurdering**

Underregionen syner ikkje dei mest dramatiske landformene som førekjem regionalt. Landformen er likevel regionalt representativt. Ein vil framheva Hæreidterrassen i Eidfjord som serleg verdfull. Vassdraga har kvalitetar over det vanlege i regionen då ein har mange fossefall. Vegetasjonen er regionalt typisk. Fruktdyrkingslandskapet i Sørfjorden har nasjonale kvalitetar. Ein kan hevda at ein i underregionen finn noko av landets mest særprega og vakre fjordlandskap, skapt av fruktdyrking og mange intakte bygningsmiljø med tradisjonelle bygningar og fossenaturen. Vegbyggjing langs fjordane, fyllingar og framføring av vegar i skogane i lidene, samt ein del uheldig plasserte og utforma nybygg er einskilde stader i ferd med å bryte ned landskapskvalitetane.



Landskapet er inntrykkssterk, men ikkje på ein dramatisk måte. Landskapet er varierende i underregionen, det er stor skilnad mellom landskapet i øvre Eidfjord og t.d. Ystanes og her er soleis mangfaldig. Heilskapen er god, men den vert negativt påverka.

Samla evaluering A2.

### 3.3

#### UNDERREGION 23.19 SAMLAFJORDBYGDENE

##### Landform

Moderat relieff med slakare lider og breidare fjord gjev eit opnare landskap i denne underregionen. Hardangerfjorden vert etterkvart sopass vid utover at han ikkje lenger bitt saman fjordlidene visuelt anna enn med fjerninstrykk. Smådalar og mellomnutar og framståande dalskuldre i lidene løyser ytterlegare opp fjordstrukturen og ein har med nokre få unntak ikkje lenger u-forma profiler. I utsyn over fjorden får ein då med seg ein større del av landstrukturane bak sjølve fjordlida. Djup og trong fjordstruktur finn ein i Fyksefjorden og fjorddele forbi Lussand der mektige veggjar reisar seg himlande bratt or vassfalata. Den oppbrotne landformen som ein finn langs nordsida av fjorden, stader óg langs sørsida nedst med fjorden, er truleg resultat av kompleks berggrunn og store forkastningsstrukturar som følgjer utbreiinga av dei ulike kambro-silurbergartane. I traktene mellom Nordheimsund og Øystese førekjem folda lag med amfibolittar og grønnstein over mjuke leirskifer som ein finn nær fjorden. Bratte hamrelag i terrenget og dalane bakenfor vert danna av skuvedekka sine forkantar som består av granittar og glimmergneissar. Mellom Fykse og Ålvik står slike bergartar heilt ned i fjorden og dannar den bratte fjordlida her. I dei høgareliggjande delane av fjorden si sørsida kjem grunnfjellet inn, her med omdanna vulkanske bergartar, kvartsittar og gneiss. Dei kvartshaldige bergartane er harde og massive og står ofte som nakne parti i fjellsidene. Slike område kontrasterar sterkt dei oppknuste og småknudrete kambro-silur områda.

##### Geologisk innreiing

Den flikete bergstrukturen som følgje av forkastningane dannar bratte og tronge mest v-skorne smådalar og kløfter langs nordsida av Hardangerfjorden. Lendet har kvasse småformer og her er liten grad av avrunding. Med unntaket av granitt- og gneissområda der jorddekket er tunt eller heilt fråverande, vert underregionen i stor grad prega av til dels tjukke morenedekker lokalt og ikkje minst vitringsjord over berggrunnen. Kambro-silurbergartane er sterkt oppsmuldra og næringsrike, og her er soleis grunnlag for frodig vegetasjon og mykje jordbruksland. Granittar dannar høge glattskurte brattveggjar i landskapet og overgangen mellom dei kan danna tydelege teksturelle skilnader i landskapet. Folgefonnhalvøyas fjordlida er meir avrunda enn nordsida og her er generelt liten dramatik i landskapet. Blokkurd og skredavsetningar førekjem, men er ikkje framtreidande. Kvartsitt- og gneissforekomstane gjev helleberg.

##### Vegetasjon


Underregionen sine kambro-silurområde vert prega av sers frodige lauvskogslider med stort innslag av samtlige storblada edellauvtreslaga med artsrik urte- og staude undervegetasjon. Høgstaudeskogar er difor vanleg på mindre arealer i dyrkingslandskapet og i brattlenda. Skogane er i ein foryngingsfase med mykje og tett underskog. Hatlskogane, ein type hamneskog er no i ferd med å vekse heilt til, det gjer og andre hamneskogar der ein har bjørk, alm og ask. Hager med lauvstyver finnst mange stader, Somme eksemplar er svært store, men dei er gamle og styvene veltar overende eller vert hogge til ved, og innslaget av denne kulturmarktypen vil forsvinne etterkvart. Ein finn mykje planta kulturtreslag kring husa og her er blodbøk, lind og alm mykje brukt til solitærer. Alléer med lind og alm er og å sjå. I det heile finn ein mykje planta treslag i kulturlandskapet. Granitt- og gneislandskapet har surt og skrint jordsmonn og her dominerar fureskog med, der det er lausmassar til det gras- og lyngrik undervegetasjon. I somme område er undervegetasjonen nærmast fråverande jfr. Svåsand.

### **Vatn og vassdrag**

Underregionen har få vatn, ikkje nokon av dei store, og berre unntaksvis utgjer elver synlege trekk i landskapet. I periodar med nedbør er det synleg fleire elveslør i dei bratte dalsidene langs fjorden si nordsida. Eit stort fossefall, Bjølvefossen er turrlagt. Steindalsfossen har hittil runne urørt og er ein kjendt attraksjon i reiselivssamanheng. Fossen ligg i eit jordbrukslandskap, eit uvanleg regionalt trekk. Fitjadalsvatnet ( 266 moh ) ligg i ein fin trauforn og har jordbrukslandskap langs heile austre breidd. Fjordlinja er mange stader ujamn med bukter og nes, stadvis og med små strender.

### **Jordbruksmark**

Med unntak av den bratte fjordlida på nordsida av fjorden er det mykje jordbruksmark i underregionen. Forekomsten av næringsrik morene og vitringsjord har gjort det mogleg at større samanhengjande areal har kunne dyrkast og jordbrukslandskapet strekkjer seg fleire stader heilt frå fjorden og eit godt stykke oppover i lia, dei øvste gardane ligg vel 400 moh. Jordbruksareala kan då seiast å gjera mykje av seg i landskapet. Mykje av areala er noko bratt til bratt og delar av det ligg kupert til. Stor livskraft preg delar av jordbruket, og sume stader har dette ført til modernisert arrondering med samanslåing til større opne teigar. Det meste av jordbruksarealet er likevel småskala med eit betydeleg innslag av ulike kulturelement ( rydningsrøyser, bakkemurar og terrassar, gamle veganlegg mm. ) og skogruster. Areala langs fjorden som ligg under den marine grense er for det meste brukte til fruktdyrking. Serleg bygdene i Ullensvang, t.d. Lote og Alsåker, har eit framtrekande fruktdyrkingslandskap. Over dette nivået overtek mjølkebruk og enga. På mange vis har ein mykje jordbruksareal med framifrå historiske kvalitetar i seg i underregionen. Det gjer det og utsett for krav til effektivitet og allereide no er ein del av dei vanskelegaste areala ut av drift eller har nedsett drift. Jordbruksmark på nokre gardar utan veg har allereide vore nedlagt ei stund.



5. Strekinga Nordheimsund - Øystese. Breid fjord og romt landskap, jordbrukslandskapet kryp høgt oppetter lidene. Dette er ikkje heilt eit regionalt preg. Mykje næringsrikt jordsmonn og noko slakare lider gjer at innslaget av jordbrukslandskap gjev sterkare inntrykk i dette fjordlandskapet enn mange andre stader i regionen.

### Busetnad

I indre samlafjorden ligg busetnaden på Folgefonnhalvøya som små grender og bygdelag i eit belte ned med fjorden. Her er stort innslag av tradisjonelt bygde vågningshus og ulike uthus og få nybygg bryt stilen. Busetnaden her har soleis kvalitetar langt utover det regionale snittet. Nordsida av fjorden er meir spreid folkesett. Somme stader ligg veglause gardar (Hjøllo, Fosse m. fl.) høgt på hyller i den bratte fjordlia, slike er no fråflytte. I moderne tid har det vekse fram eit industrisamfunn i Ålvik. Her er tidstypiske funksjonærbustader og arbeidarbustader samt fabrikkbygning. Røyrgata til kraftstasjonen er eit syn og monument over moderne industrireising. Andre tettstader er Nordheimsund og Øystese. Fruktlager og Felleskjøpet vitnar om nær tilknytning til den omfattande jordbruksdrifta i området. Begge stadene har gamalt fjordbygdmiljø med handelshus og no service og administrasjons bygningar. Oppover i lia i same området ligg gardar og jordbruksgrender, mest eit saman hengjande jordbrukslandskap som strekkjer seg heilt fram til Fyksefjorden. Jamvel om ein finn større innblanding av nybygg i dette området er det likevel mange intakte gardsmiljø att der det og er god hevd over jordbruksareala. Over fjorden finn ein og grenda Fykse som enno har element av klyngjetun i seg. Inst i Fyksefjorden ligg Skår ein veglaus høgdegard som framleis er busett og i drift, og den veglause grenda Botnen som ligg inneklemd mellom høge fjell. Her er då enno landskap med store historiske kvalitetar i underregionen.



6. Bjotveit. Mykje brukt er helletekte tak, her er både lappskifer og ruteheller, og ein heil del storheller på løer og naust. Jamvel om våningshusa i dette tunet er av ulik alder er det lite stilbrot.

### **Landskapsvurdering**

Landformen er ikkje heilt regionalt typisk og syner med unntak av nokre få stader ikkje dramatiske formasjonar. Varmekjær lauvskog preg vegetasjonen og her er frodigare i kulturlandskapet og i skogen enn det som er vanleg. Vassdragsnaturen er under gjennomsnittet for regionen. Bygningsmassen har mange stader høge kvalitetar og det er og denne saman som saman med jordbrukslandskapet som sterkast preg underregionen. Ein finn noko av regionens finaste fruktdyrkingslandskap (med bygningsmiljøa) her. Gunstige naturlege føresetnader gjev eit aktivt og dei feste stader eit livskraftig jordbruk, men her er mykje tungdrivne arealar og små gardar. Slike står i fare for å verta nedlagde ved ein ytterlegare skjerpning av vilkåra i landbruket, noko som vil kunne føre til store konsekvensar for dei visuelle kvalitetane av dette landskapet.


Samla evaluering B1

### 3.4

#### UNDERREGION 23.20 ODDADALEN

##### Landform

I underregionen førekjem dalformer av ulik type. Hovuddalføret, Oddadalen vert danna av ein trong v-forma elvedal nedst i profilen. Høge bergveggjar stengjer for utsyn og gjev eit lukka landskap. På det trongaste går fjellsideane saman i dalbotnen berre skilde av daleelva. Mellom Hildal og Sandvin vert dalbotnen danna av ei flat elveøyr. Vassflata av Sandvinvatnet utvidar romkjensla i dalbotnen vesentleg. Kraftige nos som Jordalsnuten og Rossnosi står fram mellom dalane og gjev kupert himmelrand. Dalføret er skore ned i ein eldre vid dalform som har klare paleiske trekk og høyrer til viddelandskapet. I 5-600 m høgde dannar markerte dalskuldre brotet mellom desse to heilt ulike formene og lagar ei markert hylle langs både vest- og austsida av dalen, Sjausetdalen, Hildalsdalen, Austdalen og Løyningsdalen er soleis hengande dalfører i høve hovuddalføret. Kraftige nos som Jordalsnuten og Rossnosi står fram mellom dalane og gjev kupert himmelrand. Utvida v-skore dalform finn ein i Buerdalen.




7. Buerdalen er hengjande til Oddadalen. Jamvel om ein ser breen i bakgrunnen er dalformen i liten grad prega av iserosjon.

Berggrunnen i underregionen er gneissisk i nedre del av dalprofilen og langs heile vestsida mot Folgefonna. Over dette grunnfjellet ligg innerst på hylla, og langs fjellfoten i dei hengjande dalføra ei sone med fyllitt. Vidare oppover i terrenget kjem dei ulike skuvedekka

med kvartsittar og amfibolitt. Med unntak av kvartsitten og dei også relativt sterke grunnfjellsgneissane er bergartane næringsrike og vitrar forholdsvis lett. Kvartsittane gjev helleberg sume stader. Strukturar i berg

### **Geologisk innreiing**

Med unntak av skredavsetningar som ein finn mange stader, er det generelt lite lausmassar nederst i dalsidene og bergflater og serleg hamrar er dominerande blikkfang i landskapet. Dalsidene er noko uryddige med små nutar, framspring og blokkformasjonar, stadvis furer og sprekker. Medan elveavsetningar dominerar heilt den flate dalbotnen ovanfor Sandvinvatnet, finn ein hovudsakeleg morenemateriale i dei høgareliggjande dalføre. Sume stader kan tjuknaden av avsetningane vera fleire m, men jamnt over ligg det som eit usamanhengjande og tunt lag over berggrunnen. I underregionen finnst mange grove blokkurder under heng i fjellsidene. Strøblokker mange av dei svært store, danner fengjande objekter fleire stader i inn- og utmarka. Vitringsjord finn ein i tilknytning til fyllitten. Fleire av stølane er lagt til stader der det førekjem vitringsjord. Seljestadjuvet er ein landform typisk for dei indre strok på Vestlandet.



8. Typiske fjellformasjonar i underregionen med kraftige strukturar og forma som nutar.

### **Vegetasjon**

Skilnader i vegetasjon er i stor grad avhengig berggrunnen si næringsinnhald og jamn tilgang til vatn. Frodig vegetasjon er å finna i sona med fyllitt og amfibolitt der denne bergarten inneheld kalk. Her er undervegetasjonen stauderik. På gunstige lokalitetar har ein innslag av varmekjære artar som alm, noko lind og ask. På morenedekken veks hovudsakleg bjørkeskog, bjørkeskog er og dominerande i skoggrensa. Der jorddeket er tunt finn ein fureskog. Fureskog finn ein mest i tilknytning til kvartsrike bergartar og grunnfjellsgneissen, dvs det meste av det nedre dalføret og hylla ovanfor. Furer dannar sterke silhuettar på bergknattar og hyller.

### **Vatn og vassdrag**

På grunn av Storelva si nedskjering i den eldre, høgtliggande dalbotnen er her høge og bratte heng langs vassdragets profil. Sidedalane har vassrike elver som kjem ned frå fjellet, og over kanten av den markerte dalskulderen kastar mange fossar seg utfor i eit imponerande skue. Frå Seljestad følgjer vassdraget eit bratt juv ned til Skare. Også Buerelvi har stor vassføring,

stort høgdeskilnad gjev kvitskummande elv over ein lengre strekning. Elvelandskapet langs Storelvi vekslar frå rolege loner til kortare kvitskummande strekningar med trolske blokkformasjonar. Utan tvil er dette ein av dei meste fosserike underregionar i heile landet med sers høg opplevingskvalitet det er vanskeleg å finna maken til. Låtefossen er eit av landets mest kjende fossefall. Reinsnosvatnet og Sandvinvatnet er dei to store vatna i underregionen, men dei er nokså ulike. Sandvinvatnet (88 moh) har karakter av ein fjordsjø omgjeve av høge og bastante fjellsider, eit landskap typisk for regionen. Reinsnosvatnet (597 moh) er mest som eit fjellvatn å rekna. Jamvel om det er skogleddt rundt sjølve vatnet vert dalrommet sterkast prega av høge snaue fjellsider.



10. Låtefossen. Fossar har mystikk som trollbind menneskja.

### **Jordbruksmark**

Jamvel om dette er eit natursterkt landskap utgjer jordbrukets kulturlandskap likevel eit betydeleg element i dette landskapet, då det har ein sterkt kontrasterande verknad til den mektige naturen. Det største innslaget jordbruksmark finn ein langs strekninga Hildalen -



Sandvin. Her er dyrka dei flate elveavsetningane i dalbotnen og landskapet er ope eng med løer og spreidde solitærer. Her er lett å driva. Ei vakker jordbruksgrind ligg i munninga av Buerdalen, jordbruksmarka vekslar mellom bratte bakkar og terrassar langs elva til flat elveøyar ut i Sandvinvatnet. Nokre gardar langsetter vatnet ligg i li, og den bratte gardsmarka er godt synleg nedanfrå. Jamnt over er teigane små og her er vanskelege driftstilhøve der det trengst mykje fysisk arbeid for å hevda areala. Underregionen har ein heil del høgdegardar som ligg spreidd i landskapet frå 400 oppover til nærmare 700 moh. Dei fleste ligg i bunnen av den gamle paleiske dalformen og her er jamt over vanskelege driftstilhøve med bratte bakkar og små teigar. Med unntak av jordbruksareala på Skare og Låte, sistnemnde jordbruksgrinda fint i li ovanfor Låtevatnet er ikkje kontrasteringen av jordbruksmarka like sterk her som for dei andre delane av underregionen. Gardane på Reinsnos ligg heilt oppunder skoggrensa mest 700 moh og representerer eit sjeldent fint driftsmiljø under vanskelege tilhøve. Det ein generell nedgang å spore i drifta av dei vanskelegast drivne areala på gardsbruka, serleg går og nedgangen utover beitene. T.d er beitelandskapet i Buerdalen i ein fase av fullstendig attgroing. Jordbruksmarka i regionen kan seiast å ha regionale kvalitetar, Reinsnos serleg verdifullt då det er lite att i regionen av denne typen areal.

### **Busetnad**

Underregionen har spreidd busetnad. Bygningsmassen er hovudsakleg knytta til jordbruket og tuna består vanlegvis av våningshus/ kårhus, flor og ein eller fleire mindre bygningar/ løer. Fleire stader finn ein grender der fleire tun ligg samla i landskapet og er omgjeve av jordbruksmarka, bl.a. Jordal, Sandvin med rekkebusetnad, Hildal m.fl. Slike grender har der mange bygningar er oppført i tradisjonell byggjestyling og her er mykje helleekte tak. Det er få stilbrot fororsaka av ikkje stiltilpassa bygningar og dette gjev gode kvalitetar. Karakteristisk for underregionen er og dei mange høgtliggjande gardar som ligg fint eksponert i terrenget. Utmarksløer er det mange av, lite synlege er dei etterkvart som dei har kome til å liggja i skog. Løene på den opne elveslette mellom Hildal og Sandvin er gode og viktige innslag i kulturlandskapet. På Seljestad og ved Heimste Hildalsstølen ligg ein god del hytter i terrenget men dei er lite synleg i skogterrenget. Framføring av veg til hyttene kan verka noko inngrepsprega einskilde stader.

### **Landskapsvurdering**

Underregionen har overveldande naturkvalitetar og då tenkjer ein fyrst og fremst på dei mange fossane i området som er store attraksjonar. Her er variert kulturlandskap som speglar godt det tradisjonelle vestlandsjordbruket med dala- og fjellgardar, og det er framleis mykje intakt tradisjonell bygningsmasse. Ein ser at gardsbruk som er vanskeleg drive og store delar av beitelandskapet ikkje vert hevda som før og at slikt kulturlandskap på sikt vil bli borte i underregionen.

Landskapet er inntrykksterkt og svært mangfaldig. Her er få inngrep og dimed god heilskap. Kulturmarkstypene i utmarka er i ferd med å bli borte.

Samle evaluering A1.

## 4. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 22

### 4.1

#### REGIONAL SKILDRING

Det midtre segmentet av fjordsystemet høyrer til landskapsregion 22. Midtre bygder på Vestlandet. Landskapsregionen strekkjer seg frå Frafjorden i Rogaland til Surnadalsfjorden på Nordmøre.

#### REGION 22. MIDTRE BYGDER PÅ VESTLANDET

Dette er en stor og innholdsrik region som strekker seg fra Gjesdal i Rogaland til Tingvoll på Nordmøre. Regionen utgjør i grove trekk et belte mellom fjordmunningene og fjellregionen. Mellomliggende fjellområder som har liten utstrekning regnes til regionen.

#### Naturforhold

I en region som strekker seg i sin fulle lengde gjennom samtlige fire vestlandsfylker må det naturligvis bli store naturforskjeller. De sørligste rogalandsfjordene med sine overveldende landformer. Dype hogg i det snaue prekambriske peneplanet som danner fjellet her, granitten er til å ta og føle på. Bergartene er lyse, det finnes nesten ikke løsmasser, hvor skulle de ligge? I munningen av Lysefjorden ligger Esmarkmorenen, en stor morenevoll tilhørende Yngre Dryas trinnet. Slike endemorener finner en langs flere av fjordmunningene nordover.

Ryfylke og mye av Hordaland preges av skyvedekker og kambrosilurbergarter. Landformen er mye mer oppbrutt, fjorder og daler uoversiktlige, ofte trange, men frodige. Vitringsjord og næringsrik morenejord (skifermorene) forekommer mye. Fra Nordhordland og nordover er det grunnfjellsbergarter med enkle, store og faste former. I høyden og langs fjordene er det lite løsmasser, men dalene kan være morenefylte, til dels mektige avsetninger. I Møre og Romsdal er morfologien avvikende. Sunnmøre med alpine tinderekker som skiller mellom fjordene, toppene når store høyder og lendet er meget bratt. Små breer ligger i nisjer høyt mellom tindene. Langs fjordene ligger det imidlertid en løsmassebrem bestående av morene- og skredmasser. I Romsdal og på Nordmøre får landskapet et vennligere uttrykk, fremdeles store fjordløp, men langt mer avrundet og større løsmassedekker. Lave eid binder sammen fjordene. Enkelte steder krysser smale bånd med omdannede sedimentære og vulkanske bergarter fjordene. Her er det særlig frodig. Fjellet preges av blokkmarker.

Vassdragene i regionen er korte og bratte, men med etter måten stor vannføring på grunn av den høye nedbøren. Innsjøer har preg av å være fjordsjøer, også botnsjøer forekommer noe høyere i terrenget. Jevnt over bjørkelier i daler og langs fjorder, der det er næringsrik jord er vegetasjonen artsrik med edelløvtrær på lune steder.

#### Arealbruk

Tyngden av vestlandsjordbruket ligger i denne regionen. Det er mye bratte bruk, men jorda er dyp og fruktbar, og vekstsesongen starter tidlig. Gårdene er noe større enn vanlig når det gjelder innmark. Til gårdene hører gode fjellbeiter og flere setrer er i drift, det har også enkelte steder blitt dyrket i fjellet i nyere tid. Allsidig husdyrhold der melkeproduksjon dominerer. Noe frukt dyrking finnes i Ryfylke og ytre Hardanger. Skogreising med planting av gran har hatt stort omfang. Mye av planting har foregått i smale felt oppetter de bratte dalsidene, et estetisk (og driftsteknisk) problem. Mindre industristeder finnes over hele området. Fabrikkanlegg med møbelproduksjon er karakteristisk for Sunnmøre. Skipsverft.


#### Bebyggelse og andre kulturspor

Fornminneområder, og spor etter drifts- og dyrkningsformer gjennom ulike epoker er typiske innslag, f.eks. rydningsrøyser og åkerterrasser, steingarder, reliktområder med klyngetun, slåtteliet. Gråsteinsmurte tufter og gavler i hus og driftsbygninger er karakteristisk for flere av de sørligste distriktene. Vestlandshusene har tradisjonelt sperretak og liggende kledning på plank-laft (eldre bygninger) eller reisverk. Særlig i Sunnfjord finnes mye av de tradisjonelle gårds- og bygningsmiljøene intakte, i motsetning til store deler av Sunnmøre. Nordmøre hører mer til Trønderkulturen byggestilsmessig, her er rund-laft vanlig. Ny gårdsbebyggelse blir ofte lagt utenfor de gamle gårdstun. Bygging av boliger skjer i gårdsmarka rundt, der det ikke er fulldyrket. Noen få seterhus ligger som regel samlet, men setrer med mange sel forekommer i overgangen mellom skogen og fjellet. Etterhvert har mange mange av setrene fått veitløsnings. Tettsteder finnes ytterst i dalmunningene der disse møter fjorden, mye av den nyere bebyggelsen ligger på fyllinger. Bygging av nye veier har flere steder dimensjoner som inngrep med til dels store visuelle konsekvenser.

### Landskapsinntrykk

Over store deler en grøderik region, men med særdeles sterke unntak. Høy nedbør. Mye veldrevet jordbrukslandskap i såvel åpent fjordlandskap som avsondrete daler.

I Hordaland høyrer 6 underregionar til landskapsregionen, av desse vert 2 skildra her. Dei er: underregion 22.20. Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm og underregion 22.21. Åkrafjorden.



11. Utsnitt frå Landskapskart over Hordaland, revidert utgåve (Elgersma 1998), som syner underregionane 22.20 Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm, og 22.21 Åkrafjorden.

## 4.2

### UNDERREGION 22.20 BYGDENE I KVINNHERAD OG STRANDEBARM

#### Landform

Underregionen har eit regionalt typisk landskap som kjenneteikner dei midtre fjordbygdene på Vestlandet (region 21), der fjordtrauet er forgreina, nærmast oppløyst og utvida til å omfatta fleire basseng og løp. Typisk er og større og små øyer som skiljer dei ulike fjordløpa. Maurangerfjorden har likevel snev av dei trekka som preg dei indre fjordsystema med enkelt og strakt løp, og einsarta og bratte fjellveggar. I andre delar av underregionen er landformen prega av sterke struktur føringer som følger skiljene i berggrunnen med vinklete dalar og formgjennomskjeringar. Lendet er relativt lågt og opphakka på nordsida av hardangerfjorden. Dette gjev fleire stader låge halvøyar eller nes med låge eid til fastlandet og mellomnutar og fjell. Vesoldo, Daurmåseggja er slike landformer skild frå fastlandet ved låge eid og dalar. Generelt er dalprofilene i underregionen skarpe, tydeleg v-forma danningar med ein viss utviding av dalmunningane, men døme på u-forma dalar førekjem og. Dei fleste større dalane er hengande i fjordtrauet og har kneik ned til fjordlinja og fleire tersklar vidare oppover dalføret. Berggrunnen syner vesentlege skilnader mellom sør- og nordsida av hovudfjorden. Langs sørsida massive granittar og diorittar synleg i Uskedalen og Ulvenosa bl.a. og breide belte av ulike gabbroider. Øyane i Hardangerfjorden og nordsida av denne fjorden har kompleks bergartssamansetning, men har tydeleg sonal opptreden av bergartane. Dei to vanlegaste bergartstypene er grønnstein og amfibolittar og leirskifer av kambro-silurisk alder. Sjøraustleg fall av laga gjev sprang med langsgåande nisjer og skrenter i landskapet.



12. Stort relieff med kraftige dalformer preg områda sør for Hardangerfjorden.

### Geologisk innreiing

Forekomsten av dei heilt ulike bergartstypene på sør- og nordsida av fjorden har stor innverknad på kva type glasialt danna lausmassar ein finn avsett, og då tenkjer ein spesielt på morenemateriale. I granittområdene er denne typen avsetningar grove og blokkførande og kan forekoma i betydeleg tjuknad i dalbotnane jfr. Meldsdalen i Kvinnherad og Uskedalen. I fjellsidene finnst lite av denne typen avsetning, men der relieffet er bratt og høgreist førekjem til dels store skredavsetningar og blokkurder langs fjellfoten. Forøvrig er det lite lausmassar i høgda og bergstrukturane trer godt fram. På øyane og nordsida av fjorden er ikkje jordarten så framtrudande og her dominerar vitringsjord. Oftast ligg denne jordarten i typisk jamne og noko avrunda bratte bakkar som strø nærmast. Oppsmuldra og sprukke berg er elles eit vanleg syn. Under marin grensa førekjem og strandsediment i større utstrekning mellom knausane i låglandet og over eid. Avsmeltingssediment (breelv) førekjem i mange av dalmunningane som terrassar og reiner, men kan ikkje seiast av vera fullt ut regionalt typisk. Ulvenosmassivet har utvilsamt nokon av dei dei finaste meisla botnformasjonane som kan visast til i regionen. Rasskard pregar somme av dalføra, t.d. Ænesdalen, og her er svært aktive og gode former å finna. Spesielt for underregionen er og blokkmarka som dekkjer delar av fjellområda, t.d. Melderskin ( mel = urd, blokkmarka og skin=ljos, blokkmarka som ljoser) her er avrunda og slak landform rest frå farne tider.

### Vegetasjon

Næringsrik berggrunn og godt klima med milde vintrar gjer at denne underregionen truleg er den mest artsrike i heile regionen og artsrik edellauvskog er stikkordet her. Varmekjære lauvskogslider finn ein mange stader på nordsida av fjorden og på øyane, men og fleire stader på sørsida, t.d. i Guddalsdalen der denne førekjem heilt til 5-600 m høgde i fjellsidene. Der inngår alm, ask, noko lind, lind, hatl, svartore og einskilde stader og eik.



13. Svartore likar god og moldrik jord. I fjellsidene bak veks anna edellauvskog. Beitene vert ikkje hevda godt lenger og veks til med skog, fyrst med oppslag av sprake der det er turt, på fuktigare mark gråore og osperunningar. Frå Guddalsdalen.

Av almen førekjem svært store og gamle eksemplar oftast som tidlegare styva form. Mykje av kulturskogen er i ferd med å gå tapt men somme stader er framleis mindre arealar i god hevd. Der jordsmonnet er mindre næringsrikt overtek furua og bjørk gjerne som blandings skog med større jordråme og gråore. Gråore er og eit av dei treslaga som dominerar skogen som har etablert seg på tidlegare beiter og slåttemark og skrapmark. Mange stader er under vegetasjonen rik på urter og stauder og på nordsida av fjorden førekjem og eit innslag av kystplantar m.a. bergflette.

### **Vatn og vassdrag**

Vatn er det det ikkje mange av, og dei pregar på ingen måte underregionen og er ikkje regionalt representativt. Dei fleste av vatna er små og ligg i strukturar i forholdsvis lukket terreng kambro-silurområda. Der kan det forventast gode næringstilhøve i vatna og her er grunnområde med våtmark og attgroing. Ujamn og flikete strandlinje og frodig vegetasjon gjev ein viss grad av serpreg. Somme vatn ligg i overforsenkningar i berggrunnen (trau). Døme på dette er Myrdalsvatnet som har enkel utforming med strak strandlinje. Stort sett alle vatna på sørsida er næringsfattige. Dei store attraksjonane i underregionen er nokre av vassdraga i dalane på sørsida av Hardangerfjorden. Elvane her er vassrike og går mykje i stryk og småfossar gjennom terreng med villmarkspreget og stor frodighet. Gode døme er Guddalsdalen og Ænesdalen, begge dalføre har enestående vassdragskvalitetar, langt utover det regionale. I Maurangerfjorden er Godalselva, Austrepollelva og Bondhuselva regulerte og for det meste turrlagde, noko som fører til nedsett visuell kvalitet. Fjorden si strandlinje er flikete og ujamn og her er lune vikar og sund.

### **Jordbruksmark**

Jordbruksareala er i stor grad med på å setje sitt preg på underregionen, og her er eit breitt utval av ulike typar jordbrukslandskap. Skalaforholda vekslar mykje, frå store samanslegne teigar med enkel og open arronding, typisk maskinland kan ein vel seia, til eit verkeleg småskala og oppstykkja jordbrukslandskap der mykje av arbeidet enno går føre seg for hånd ( motorslåtmaskin og raking). Det meste av storskala jordbrukslandskap finn ein på sørsida av fjorden, langs fjorden og i dalmunningane. Her ligg det samanhengande og forholdsvis opent til. Småskala arealar er ofte bratte og dårleg arrondert med eit betydeleg innslag av lauvskog og hamneskogar og anna marktypar som t.d. beiter og lauvingslider. Somme stader finnst slåtteenger med lang kontinuitet som t.d. Gjuvlandsliane på Varaldsøy og slike har høg botanisk verdi og nasjonale kvalitetar. Bruken av beiten er på retur, serleg i dei område der ein har store gardar og mjølkeproduksjon. Heimestølane er generelt lite brukte og går att ende til skog. Restar av einerbakker finn ein spreidd kringom.

### **Busetnad**

Det er relativt stor busetnad i underregionen samanlikna med resten regionen. Det meste av busetnaden er tilknytta jordbruksdrifta, men her er og betydeleg innslag av industri og anna verksemd. Her er grender og spreidd busetnad. I jordbrukslandskapet finn ein framleis mange tradisjonelt utforma tun og bygningar, men i område med store gardar er det tydeleg oppblanda med moderne og ikkje alltid stiltilpassa bygningar. Høge visuelle kvalitetar har busetnaden på nordsida av fjorden og på Varaldsøy, og her er mange autentiske og intakt bygningsmiljø. I regionalt perspektiv ligg då og kvaliteten av bygningslandskapet langt over snittet for regionen, faktisk med eit snev av nasjonal verdi då det er so mange bygdelag det er snakk om her. Innslaget av bygningsmasse tilknytta fiskeri aukar samanlikna med dei indre strok, og det er heilt tydeleg at ein tidlegare hadde mange gardsbruk/ bruk med inntekter frå sjørelatert næring, ikkje minst gjeld dette båtbygging noko som er kjend frå underregionen og som har hatt lange tradisjonar.



14. Stilskifte i jordbruket. Eldre tun har gjerne fleire bygningar med stovehus, ulike typar løer og uthus som t.d. eldhus. Bygningane har gråsteinstuft og helletak. Nye tun har stor fjøs med kjellar og siloar i betong og ståltak, og i mange tilfelle eit nytt stovehus med arkar og altanar. Jordbruksmarka er og modernisert og består av storarronderte opne teigar. Grøver er lagd i røyr og her er lite skog att i jordbrukslandskapet.

### **Landskapsvurdering**

Landskapsunderregionen har regionalt typisk landform. Berggrunnen er med unntak av granittområda i Uskedalen atypisk og består av næringsrike fyllittar og skifre. Her er vanleg med vitringsjord noko saom er regionalt atypisk. Ulvenosa er eit naturmonument av stor regional verdi og kan tevla om ein plass blandt dei nasjonalt viktigaste. Vegetasjonen er artsrik og innslaget av edellauvskog ligg over snittet for regionen. Dette gjev større breidde i vegetasjonstypar noko som kan gjere landskapet meir variert. Nokre av vassdraga har eineståande opplevingsverdiar, men det er og fleire vassdrag som er utbygde. Delar av busetnaden i underregionen har høge autentiske kvalitetar, langt over det som er vanleg for regionen. Av stor verdi er at heile grender og bygder har autentisk bygningsmiljø mest utan stilbrot og inngrep, noko som ein ikkje lenger finn so mange andre stader. Landskapet er inntrykkssterkt og variert og her er svært god heilskap over det i store delar av underregionen.

Samla evaluering A1 (A2?)

### 4.3

#### LANDSKAPSUNDERREGION 22.22 ÅKRAFJORDEN/ MATREFJORDEN

##### Landform

Åkrafjorden har på nokre vis preg i seg av å vera ein av dei indre fjordane, med strakt løp og i dei indre delane jamne bratte veggjar. Likevel, dette relieffet løyser seg fort opp utetter fjorden og fjellområda kring når ikkje høgde nok til å kunne vera typiske for indre fjordstrøk. Asymmetrisk form kjenneteikner fjordløpet, her er ikkje utflating av fjordlida langs med fjorden. Medan sørsida er bratt og massiv, nermast som ei støytside, vert den motståande (fjord)lia opphakka av v-forma dalar og botnar og skard og det meste av fjordlia skråar slakt tilbake. Fortsetjinga av Åkrafjorden, Sjørdalen, har utvida v-form med moderat bratte lider. Dalløpet har fleire tersklar og trau og her er bratte passasjer og trøngt. Bratte sidedalar, strukturdalar, påverker dalløpet i ulike retningar og dette gjev eit svingete løp der dalsidene dei fleste stader møtast i elva. Nokre små vatn ligg i traua og her er soleis noko opnare. Sett under eit er Sjørdalen noko trøngt. Massive og harde granittar og gneissar følgjer dalføret og fjorden, og desse bergartane eksponerar ein serdeles kraftig bergstruktur her. Mangelen av lausmassar gjer det heile noko spektakulert og voldsom. Utetter fjorden og innover Matrefjorden er relieffet lågt, 7-800m og sterkare avrunda. Matrefjorden har markert og trøng traufom og jamne bratte lider. Fjordbotnen er forma som ein stor djup skål med midtfjell og bratte fjellveggjar rundt. Her opptre og granittar og gneissar og det gjev massive og kraftige landformer. Soner med gabbro ligg innfelt i granittane.



15. Rullestadgjuvet er ein gjennomskjering av ein terskel i dalbotnen. V-skorne landformer er typisk for underregionen. Berggrunnen består av granittar og her er store kraftige former og lite lausmassar.



### **Geologisk innreiing**

Generelt er det lite lausmassar i dei delane av underregionen der det er bratt, lyse og golde bergveggar er framtrudande. I utløpet av fjorden vert relieffet mjukare og lågare og her førekjem lokalt tjukke bunnmorenedekker. Framtrudande er dei mange djupe v-forma skard og kløfter i fjellsidene som gjev eit rufse terreng mange stader. I underregionen peiker Mosdalen seg ut med sin serdeles tronge og djupe dalform og dei enorme blokkurdene og stup i dalsidene. Dette er ein landform det knapt finnst maken til i regionen og langt utover.

### **Vegetasjon**

Fureskog dominerar der det er lite lausmassar, mest Sjørdalen og indre delar av Åkrafjorden. Ein hel del av fureskogen står i svålendte lende og dette gjev fine visuelle kvalitetar. Der det er lausmassedekke bjørkeskog med stader innslag av varmekjær edellauvskog. Somme stader der det er vitringsjord etter gabbro kan den vera næringsrik og her finn ein då større område med edellauvskog. Ikkje minst førekjem lind i desse skogane. Det er likevel lite av det då det her stort sett er næringssvakt jordsmonn, og preg ikkje underregionen på nokon måte. Det meste av slike skogtypar finn ein i jordbrukslandskapet. Granplantefelt førekjem, men er ikkje i nokon serleg grad iaugefallande.



16. Fureskog som veks i slepper på svaberget. Fin visuell kvalitet.



17. Mosnesdalen og elva. Usedvanlege sterke inntrykk.

### **Vatn og vassdrag**

Daleelva i Sjørdalen renn friskt gjennom dalføret med stryk og fossar, men her er og loner og vatn og soleis varierende inntrykk. Imponerende er fossane i Åkrafjorden si sørsida. Serleg Langfossen må seiast å ha kvalitetar og er ein stor attraksjon. Mosneselva har stor vassføring og er eit spektakulært syn der ho vregjer seg i stryk og fossar gjennom det tronge og djupe dalføret. I Matre er Blådalsvassdraget regulert.

### **Jordbruksmark**

Jordbruksareala ligg ujamnt fordelt i underregionen. Det er lite areal i Sjørdalen og langs Åkrafjorden. Her er mest snakk om einskilde gardar, somme stader utskild til 2 eller 3 bruk og areala er småskala. Heimenær utmark vert framleis aktivt hamna og her er soleis gode beitelandskap nokre stader. Areala vert drivne på morenejord i lid og elveøyr på flatane. Utover i fjorden vert det noko likare og fleire stader ligg her gardar forholdsvis tett innpå kvarandre, somme stader og jordbruksgrender der jordbruksmarka ligg samla i ein botn eller nisje i lida. Same kor er det meste av areala småskala, brattlendt og vanskeleg arrondert og det ligg ein betydeleg innsats bak for å halde marka so godt hevda som den er. Summe stader har tilhøva og vorte for vanskeleg og gardane har vorte nedlagde. Døme på dette er Mosneset der det ikkje er att drift. Oppretthalding av drift av mykje av jordbruksareala kan karakteriserast som å vera usikker i nær framtid då driftstilhøva er vanskelege for mange av gardane. Her er då mykje jordbrukslandskap med gode historiske kvalitetar som kan gå tapt.

### **Busetnad**

Kjenneteiknande for underregionen er den spreidde jordbruksbusetnaden, her er ikkje større sentra. Fleire gardar ligg einbølt til og har ikkje vegsamband eller berre kort vegstump ned til fjorden og underregionen er meir enn dei fleste prega av denne typen busetjing. Gardane er jamnt over småbruk, einskildbruk eller 2 eller 3 bruk samla, og her finnst mykje tradisjonell bygnad som er halde vedlike. Kyrping er gamal handelsstad frå førre århundret og har att tidstypisk bygningsmiljø frå denne tida. Naustrekkjene i Åkra har og kvalitetar.

### **Landskapskarakter**

I store delar av underregionen gjev granittlandskapet solide inntrykk. Her er kraftige og store landformer. Fleire stader gjev vassdragsnaturen sterke inntrykk. I utløpet av Åkrafjorden vert terrenget meir oppstykk og her er og frodigare. Busetnaden består hovudsakleg av gardsbruk, det meste på småskala arealar i bratt lende. Mykje av jordbrukets kulturlandskap vert framleis godt hevda og her er mange fine gardsmiljø. Dette er trekk som er vanleg å finna regionalt. Vassdragsnaturen i Mosnesdalen/ Sandvikedalen er serprega og dramatisk og har eineståande kvalitetar, absolutt blandt dei beste i landskapsregionen.

Samla evaluering B1.

## 5. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 21.

### 5.1

#### REGIONAL SKILDRING

I det ytre fjordlandskapet er fjordane sterkt forgreina, her er og øyer. I vest går fjordlandskapet over i strandflatelandskapet. Landskapsregionen strekkjer deg frå Boknafjorden til Moldefjorden.

#### REGION 21. YTRE FJORDBYGDER PÅ VESTLANDET

Regionen følger kystregionen, og strekker seg fra Ryfylke nordover til Romsdalsfjorden. Her slutter Vestlandet naturgeografisk og kulturelt, og her går nordgrensen for kristtorn og bergflette. Grensdragingen mot kystregionen bestemmes av den indre grensen for strandflaten og hvorvidt bygdene er orientert mot havet eller inn mot fjordene. Avgrensingen mot den midtre fjordregion er topografisk bestemt. Den går der hvor ulike grener av fjordene samler seg og går over i ett bestemt løp videre mot innlandet. Mens de midtre og indre regionene er omgitt av høye fjellmassiver, har den ytre fjordregionen et åpent preg med vide fjordstrekninger og/eller lav horisont mot vest.

#### Naturforhold

Også i denne regionen er berggrunnen kompleks, noenlunde lik den på kysten. I tillegg kommer kambro-silur lagpakken i Hordaland som krysser fjordløpene der. Ryfylkeøyene består av sterkt omdannede gabbroer og amfibolittiske gneiser. Også Sunnfjord har lokalt meget lettvitrete og næringsrike bergarter. På Sunnmøre kommer grunnfjellet inn med pluggen av ultramafiske dypbergarter. Det er først og fremst de ulike bergartenes vitringsevne og næringsinnhold som er avgjørende for hvor frodig områdene er, nedbørmengdene er store. Heller ikke i denne regionen er det flust med løsmasser, men unntak finnes. På Sunnmøre finner vi gjerne sammenhengende morenebenker langs den nedre delen av fjordprofilen. I Sogn og Fjordane forekommer flekkvisse forekomster av morene i senkninger og støtsider. Vitringsjord forekommer også, men dette er vanligere i Hordaland og på Ryfylkeøyene. Her er artsrikdommen meget stor, Rennesøy med kanskje landets største botaniske mangfold. Innen regionen er edelløvskog ofte velutviklet på lune steder. I Sunnhordland er store forekomster av kristtorn, bergflette og atlantisk kalkfuruskog. Lenger nord er vegetasjonen gjennomgående fattigere med lyngdominert bjørke- og furuskog.

#### Arealbruk

Det som finnes av de ulike typer løsmasser er dyrket opp. Det samme gjelder for denne som for de andre vestlandsregionene at hver eneste jordflekk har vært utnyttet til jordbruksformål. Fjordbygdene skiller seg fra kystbygdene ved bedre og mer jord og tilgang på skog. Her er da også langt flere bruk i drift idag sammenlignet med kysten. Brukene er for det meste små, driften sikres gjennom høy utnytting av de til dels vanskelig tilgjengelige arealene. Mange bruk har fra gammelt av vært drevet sammen med sesongvise sjønæringer, men dette har avtatt sterkt. De bruk som drives som eneyrke i dag har melkeproduksjon, i Rogaland er også saueholdet stort. Gruvedrift i Ytre Nordfjord og Sunnmøre på olivin samt flere store steinbrudd for oversjøiske leveranser av pukk og fyllmasser i Rogaland og Hordaland.


#### Bebyggelse og andre kulturspor

Stort innslag av en velholden eldre bebyggelse og driftsmåter i landbruket er typiske trekk, bl.a. reliktområder med klyngetun og teigblanding. Gårdsbebyggelsen er av vestlandstype med regionale variasjoner, samt sjøhus, naust, handels- og gjestgiversteder. Bergen har en rik konsentrasjon av eldre trehusbebyggelse, Byen har hatt en viktig plass i Norden siden middelalderen, og byen var lenge en av Nordens største med omfattende handel til Norgesveldet og senere kontinentet. Regionen har en jevn bosetting med forholdvis stort folketall, særlig i Hordaland. Bryggen er oppført på UNESCOs liste over verneverdige bygninger. Regionen har rike fornminneområder.

#### Landskapsinntrykk

Forgrenet fjordsystem som åpnes mot vest med store «innlandsøyer». Lave til moderate høydedrag som skiller fjordene, men unntak forekommer. Jevnt over en helhetlig bebyggelse, mange monumentale bygninger. Tiltrekkende og godt drevet jordbrukslandskap.

I Hordaland høyrer ialt 4 underregionar til landskapsregionen, av desse vert 1 skildra her. Det er: 21.08 Halsnøy.



18. Utsnitt frå Landskapskart over Hordaland, revidert utgåve (Elgersma 1998), som syner underregion 21.08 Halsnøy. Rosa farge ligg på kystregionen.

## 5.2

### LANDSKAPSUNDERREGION 21.08 HALSNØY

#### Landform

Øyrikt fjordlandskap liknande eit arkipelag som ligg i eit samløp av fjordar frå mest alle himmelretningar. Synslinjene i landskapet vert danna av vassflater, brotne av knappe terrengformasjonar, kollar og knattar på dei talrike øyane som ligg strødd i dette arkipelaget. Jamvel om relieffet er lågt, 2-500m er terrenget på dei fleste av øyane kupert med bratte formasjonar, dei fleste sør- og austvendt. Ein framtrедande struktur, den dannar nordgrensa i fjordlandskapet, fylgjer sørsida av Skardnipa på Tysnes og Skårafjellet, til Midtfjellet på Stord. Denne tydelege og bastante landformen vert danna av skiljet mellom fyllitt- og skiferbergratane i lågområda på øyane og hårde motstandsdyktige gabbroene som ligg over i høgda. Berggrunnen på de minste øyane er kompleks og vekslende med små blotningar av omdanna vulkanske og avsetningsbergartar, noko som har ført til ein oppstykkja topografi. Fyllittar og glimmerskifer førekjem i delar av Halsnøy, strekninga Valen-Søral og Ånuglo. Leirskifer, ofte kalkhaldig førekjem på Stord i låglandet og som soner på mange av øyane. Dette er alle sers næringsrike bergartar. Inkludert i denne miksturen ligg blottingar med harde bergartar som dannar bratte formasjonar. Det er generelt lite glasialt avsette lausmassar i underregionen.

#### Geologisk innreiing

Det som serpregar underregionen mest er all vitringsjorda. Jordarten vil kunne forekoma i heile underregionen og består av oppsmuldra berggrunn. Avhengig bergarten kan den variera frå fin til grov tekstur. Forekomsten av vitringsjord har heilt klar samanheng med dei lettforvitrelege bergartane i området. Mange stader er berggrunnen slike stader og sterkt oppsprukke med dype slepper og klover. Kontrasten er stor dei få stadene der det dukkar opp tette, harde bergartar som på t.d. øya Huglom og Skorpo. Her er nake og lite vegetasjon på dei høgste draga av øyane. Bunnmorene førekjem einskilde stader i terrengforsenkningar, men preg ikkje landskapet, her er då ujamnt og ruglete terreng dei fleste stader. Minne frå avsmeltingstida finn ein på Halsnøy der lågområde (eid) på øya ligg på ein stor endemorene. Under landhevinga er avsetninga vaska og jamna ut og i flatene forekjem strandavsetningar.

#### Vegetasjon

Mild klima og lett og godt drenert jordsmonn samt relativ høg sommertemperatur gjev artsrik flora. Lauvskog med innslag av frostsomtålege artar finnst dei fleste stader og her er både bergflette og kristtorn, sistnemnde treslaget som kulturskog somme stader. Andre viktige edellauvtre er ask, alm, lind og eik saman med svartor. I område med surt eller skrint jordsmonn kjem furua inn saman med lyng, men slike vegetasjonstypar finn ein i underregionen mest berre på Huglo og Skorpo. Slike vegetasjonstypar står i sterk kontrast til dei rikfloraene som óg finnst på desse øyane. Granplantingar førekjem einskilde stader og kan lokalt ha betydeleg utstrekning, m.a. er det meste av øya Romsa planta til med gran. Parklandskap med ein heil del utanlandske treslag førekjem på Valen.

#### Vatn og vassdrag

Då det her er mest små øyer og korte fjordlida gjer rennande vatn og vatn svert lite av seg i underregionen. Fjordane har mange lune kriker, viker og sund, og her er hamnar og gamle handelsstader, fint jordbrukslandskap og frodige skogar og soleis store natur- og kulturkvalitetar.



19. Utsyn over Halsnøya og vidare mot Stord der fjellet snart stengjer for kveldssola.

### **Jordbruksmark**

Underregionen kan ikkje reknast blandt dei store jordbruksunderregionane, men her er fleire stader samanhengande og veldrivne arealar å finna. For nesten alle bruk gjeld det at ein har grøderik mark til garden. Jordbrukslandskapet på dei låge eid på Halsnøya har spesielle kvalitetar, det er eit snev av skala over det der det ligg opent og flat til i fjordlandskapet. Areal vert drivne på strandvaska moreneavsetningar, somme stader og leire, og slike finn ein fleire stader om enn ikkje heilt i same skala. Andre område med same arealtype er Husnes, Nord- og Sør - Huglo og Ølve. Typen er spesiell i underregionen. Typisk for underregionen, og i ein regional samanheng interessant, det er lite av det, er dei bruka som ligg i botnen av ei vik og jordbruksmarka strekkjer seg som ein smal tarm oppetter ein strandbakke mellom knausar. Slike stader er det ofte lunt og svært grøderik. Størsteparten av jordbruksarealet ligg i kupert terreng og har vanskeleg, småskala arrondering. Innslaget av skogruster og kantskog er høgt i jordbrukslandskapet, saman med kuperinga er det då noko uoversiktleg og lukka. Der høge fjell dannar bakgrunnen for det, ligg gardar i li og det er morenejord som er dyrka. Ein slik fin dyrka moreneli finn ein på Tveit i Kvinnherad.

### **Busetnad**

Det er etter måten stor busetnad i underregionen, men av vekslande karakter og tettleik. Størst busetnad finn ein på Stord (Leirvik) som nesten har bypreg. Her har det i etterkrigstida grodd fram eit moderne og betydeleg industrisamfunn basert på skipsbygging og offshore tilknytt industri. Det er og bygd aluminiumsverk på Husnes og her ligg bustadfelt kringom Troåsen. Småindustri og skipsverft finn ein fleire stader i underregionen og rundt slike har det grodd fram små typiske tettstader. Mange eldre bygningar er reist i tilknytning til dei tidlegare rike fiskeria då ein hadde stor videreforedling av råstoffet i området, og sjøverts handel. Alt i alt er det mange tidsriktige bygningsmiljø frå denne tida att i underregionen. Anna busetnad er hovudsakleg knytta til jordbruket, her og med mange fine gardsmiljø der det ligg historisk sus over. Truleg har ein del av økonomien frå fiskeriene blitt overført til gardsdrifta då det er mange staselege hus kringom på gardane. Typisk for underregionen er dei mange jordbruksgrender. Det er ikkje overalt like tettbygd, spreidd busetnad med einbølte bruk førekjem i heile underregionen. Ein heil del av dei minste bruka er nedlagd, somme stader og fråflytt. Mange stader er det ein betydeleg andel bustadhus i jordbrukslandskapet.

### **Landskapskarakter**

Øyrikt fjordlandskap, lågt men likevel kupert og mange vassflater. Mykje næringsrik vitringsjord og godt klima er grunnlag for mange stader ein nærmast overdådig vegetasjon. Jordbrukslandskapet har vekslende karakter, frå opent flatejordbruk til smale og kronglete remser i sprekker og i smådalar, unntaksvis moreneli i fjellsida. Underregionen er industrialisert og har difor relativt stor folkesetnad. Landskapet er meir variert enn det som er vanleg for regionen, men her er ingen serleg sterke trekk i naturen jamvel om kontrastane kan vera fine, t.d fjordlandskapet sett frå Ølve og dei ruvande Uskedalstindane i bakgrunnen. Einskilde bygningsmiljøa i tilknytning fiskeriane og jordbruket utmerkjer seg ved stor grad av autentisitet og hevding av marka.

Samla evaluering B1(A2?)



## 6. LANDSKAPSSKILDRINGAR, REGION 17.

### 6.1

#### REGIONAL SKILDRING

Breer og tilstøytande fjellområde dannar eigen landskapsregion. Underregionane ligg spreid frå Vestlandet til Finnmark.

#### REGION 17. BREENE

Til denne regionen hører også de fjellområdene der breer er et markant trekk i landskapet, som f.eks. i Breheimen.

**Naturforhold** To hovedtyper brelandskap finnes; det som karakteriseres ved platåbreer, og et fjellandskap der botn- og dalbreer og evt. mindre platåbreer danner de sterkeste visuelle innslag. Begrepet platåbreer er i aller høyeste grad misvisende for de fleste av disse breene, da terrenget under breisen viser seg å være gjennomskåret av dalganger på samme måte som de tilgrensende fjellområdene. Istykkelsen i enkelte breer er således målt til hele 650 m (Jostedalsbreen). På breen er overflaten imidlertid jevn og avrundet, til tider flat. Siden de har en tendens til å ligge på de høyeste fjellområdene er utsiktene derfra lange og riktig fasinerende. Breer kan bare opprettholdes ved gunstig massebalanse. Høyereliggende deler preges derfor av snøområder mens lavere liggende områder viser blåis. Hvor en vil finne breer er avhengig av glasiasjonsgrensen. Denne stiger i østlig retning fra kysten og innover i landet, og faller svakt nordlig retning. Ved Ålftobreen i Nordfjord ligger glasiasjonsgrensen rundt 1200 m o.h., mens den for Øksfjordjøkelen på grensen mellom Troms og Finnmark er på 850 m o.h. og for Hardangerjøkulen 1650 m o.h. Store snømengder legger seg hvert år på breene. Breer er fintfølede mhp. klimaendringer. I den lille istiden rykket de riktig store dalbreene fram flere kilometer, i den etterpåfølgende tilbakesmeltingsfasen har de etterlatt seg et intrikat system med endemorener. Breenes helt fremmedartete struktur gjør dem enestående i opplevelsessammenheng.


#### Arealbruk

Breer er store lagre av vann, og er dermed også berørt av vannkraftutbygging. For enkelte av breene er samtlige av de tilgrensende (breelv)vassdragene bygget ut. De siste årene har brevandring blitt populært. For forskere er avsetningene etter breenes aktivitet viktig i rekonstruksjon av paleoklima og vegetasjonens innvandrings historikk.

#### Landskapsinntrykk

Høytliggende bølgende breplataer med stillhet, men også voldsomme utsyn mot isfall i lavlandsdalene. Meget sterke kontraster til bredalenes frodighet. Dramatiske landskap

I Hordaland finn ein 2 underregionar som høyrer til breregionen, ein av dei er 17.07 Folgefonni.



20. Utsnitt frå Landskapskart over Hordaland, revidert utgåve (Elgersma 1998), som syner underregionane 17.06 Hardangerjøkulen og 17.07 Folgefonni.

## 6.2

### LANDSKAPSUNDERREGION 17.07 FOLGEFONNI

med tilhøyrande fjellområde

#### Landform

I underregionen førekjem to ulike landformer der dene ein vert skapt av breane sine kvelvande ismassar. Fjellområda vert karakterisert ved grov kupering og sprang i dalbotnen med tersklar og traug og mange botnar, m.a.o. eit kraftig utforma iserodert terreng.

Folgefonni er av dei store i landet, nordre og søndre del tilsaman dekkjer vel 210 km<sup>2</sup>. Som ved dei andre platåbreane må ein rekna med at fjellterrenget under isen er kupert som det er i områda utanfor. Dette gjer at dei perifere delane av breen går ned i dalar og søkk og får form av tungar. Brekker med bresprekker er og vanleg her og slike gjev strukturen som er så typisk for breane.



21. Bresprekker gjev spanande strukturar og opplevingar for brevandrarane.

Store utløparar, djupe dalbrear, finn ein ikkje i same storleik i tilknytning til Folgefonni som ein gjer ved ein del andre brear t.d. Jostedalsbreen. Dei største brefalli der blåisen er synleg,

er Bondhusbreen og Buerbreen, men desse brearmene har likevel liten dimensjon. På kortare Bretungar er og blåisen synleg i periodar, men dei fleste slike ligg såpass høgt at dette skjer fyrst relativt seint i ablasjossesongen. Noko spesielt for Folgefonna sine utløparar er at mange av dei kalvar i eller går ned til vatn og her vert landskapet dramatisk. Randmorenar førekjem fleire stader langs brekanten, men her er og eldre som ligg i dalane unna breen. Langs brekanten finn ein område som nyss er framsmelta og her blottast då ferske fjellflater, nydanna landformer og jordsmonn. Undanfrå isen renn grøver og elver som fører med seg slam og sand og grus. Vatn vert farga grågrønt og elveøyvr vert bygt opp. Her er fine og avsondra naturmiljø og langs breranda ligg soleis instruktive lokalitetar for å syne skapnaden av landet. Noko overraskande er at Folgefonna egentleg er lite synleg frå busetnaden og mange stader må ein forholdsvis tett innpå, eller koma seg på ein høg fjelltopp for å få synet av isen. Det er lite folk som ferdast i områda kring breen og dei som ynskjer kan få oppleva einsemda. Dei fleste som møter Folgefonna gjer det ein sommarsdag på Folgefonna sommarskisenter og her kan vera stor aktivitet. Nokre følgje med brevandrarar fer og på lange turar over breen, men slike er det ikkje mange av. I fjellområda gjev dei mange botnane og tersklar mange vatn og underregionen kan karakteriserast som vassrik, langt meir enn dei andre breområda. Den djupe kuperinga gjev bratt lende med stadvis høge stup og glatte bergflater (sva). Grove blokkurder ligg under bratte heng. Terrengformene har kraftig struktur og er ruglete. På svaberga ligg ein del blokkstrø og i senkningar noko blokkrik morene, men utover det er det lite lausmassar i fjellområda i dei område der ein har granittiske bergartar. Områda har soleis goldt og nake preg.



22. Djupe traug og botnar preg fjellområda kring Folgefonna. Med unntak av blokkurder er det lite lausmassar.

Eit interessant fenomen er den gamle paleiske vidde ein finn restar av i Kvinnherad. Her er blokkhav med slake stigningar og avrunda terreng.

Noko anna er det i område der ein har gabbroide eller omdanna vulkanske bergartar. Slike finn ein i eit breidt belte frå Rosendal til Eikemo i Åkra og nord for Holmeskjera i nordenden av breen. Her vitrast berggrunnen ein del og mange stader er det grønt og frodig, meir urterik enn dei helst gras- og lyng dominerte vegetasjonstypene i granittområdene. Fleire stader finn ein reinrosehei, ein kalkkrevjande vegetasjonstype.

I delar av underregionen er vassdraga utbygd og her ligg regulerte vatn med dam- og veganlegg heilt inn til brekanten. Nordre del av underregionen er mest berørt, men og vassdraget mot Matre er utbygd. Reguleringane har skapt fleire store innsjøar. Stor reguleringshøgde gjer inngrepa godt synleg i terrenget.

Samla evaluering.<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> . Ikkje evaluert då ein ikkje har synfare alle breområda i landskapsregionen.

## 7. REGIONALE MALAR FOR VURDERING AV OPPLEVINGSKVALITET I LANDSKAPSOMRÅDA

### 7.1

#### EVALUERING

I VMS metoden vert det evaluert på mangfald, inntrykksstyrke og heilskap av landskapet. Det kan verka lite definert kva ein legg i desse omgrepa, og det kan vera på plass med ei kort presisering. Ytterlegare opplysningar finn ein i "Regionalisering og evaluering av landskap" (Elgersma & Bruun 1997).

#### MANGFALD (diversitet).

Ein prosess med å diversifere, som er å skilje ut ulike former. M.a.o. ein systematisering av multiformitet. Her inngår og linjer og fargar.

#### INNTRYKKSSTYRKE

Inntrykksstyrken vert oppnådd gjennom dramatik og kontrastar.

#### Kontrast:

Kontrastering er ei samanlikning for å få fram ulikskap eller skilnader, å leggje merke til den motsette natur av objekter.

Opposition or juxtaposition of different forms, lines or colours in a work of art to intensify each elements properties and produce a more dynamic expressiveness.

#### Dramatik:

Drama er ein komposisjon som byggjer på "contrast of character". Dramatisering er ein serie med hendingar som gjev intense, emosjonelle sinnsstemningar eller opplevingar.

#### HEILSKAP

Her er harmoni eit sentralt omgrep. Harmoni er eit samstemt, velordna eller tiltalande arrangement av t.d. former, linjer og fargar. Å bedøma velordna og tiltalande arrangement er ofte gjenstand for diskusjon, serleg gjeld det bygningsmassen.

Dersom ein ønskjer å tilføre evaluering av opplevingskvalitet i landskapsområda noko meir enn ein lokal verdi er ein føresetnad for dette regionale malar. Positive og/ eller negative avvik til ein regional mal vert høgare eller lågare vurdert. Då er snakk om kva som er regionalt typisk eller representativt som det vert samanlikna med. For kvar landskapskomponent vert det regionalt typiske landskapet kortfatta omtala.

## 7.2

### REGION 21. YTRE FJORDBYGDER PÅ VESTLANDET

#### Landform.

Moderat relieff, vanlegvis mindre enn 700m, unntaksvis 1000m. Topografien er open, men terrenget som regel kupert og oppstykk, åsar. Unntaksvis med fjellformasjonar som ruvar høgt og gjev opplevingsintensivering pga. aukande kontrastering. Fjordar er breide med forgreina løp og her er snakk om store vassflater med øyer. Fjordlier er difor ikkje markerte i dette landskapet, men her er unntak. Fine fjordutsikter. I mindre grad er fjordane smale med enkeltløp og ein ser svakt traufornen. Her er då ikkje eller få øyer, men til ein viss grad kan ein snakke om fjordli. Dalar kan vera tronge og trauforna med sterk vitnesbyrd om iserosjon, men dette er meir unntaket enn vanleg. Dei fleste stadene er dalane strukturbetinga, har vinklede forløp og kanta formasjonar. Landskapet kan ha lukka karakter. Det er stor breidde av landformer i regionen.

#### Mangfald:

Landskapet har element i seg frå kyst, fjord og fjell, og her er då relativt stort mangfald i landform

#### Inntrykksstyrke:

I landskapsregionen har landskapet moderat inntrykksstyrke. Med nokre få unntak er det ikkje dramatiske formasjonar i landskapet og ein har vanlegvis svak kontrastering mhp. skala.

#### Heilskap:

Det vert vanlegvis ikkje evaluert på heilskap, men store steinbrot og pukkverk har einskilde stader ført til nedsett heilskap. Somme store veganlegg kan og påverka heilskapen.

#### Geologisk innreiing

Få landformer frå isavsmeltingstida førekjem i regionen. Randmorenear og breelvdelta er vanlegaste avsetningar, men dei er ikkje typiske for regionen. Bunnmoreneavsetningar preg ikkje og jamt over er det lite lausmassar i fjordlandskapet, få stader vil ein finne morenelier vendt mot fjordlandskapet. I dalane førekjem bunnmorene og slike avsetningar kan vera framtreidande i dallandskapet. Blokkliknande avsetningar er ikkje vanleg. Strandbakkar og terrassar er vanleg. I den nordre delen av regionen førekjem strandhaket frå Yngre Dryas tida. I kambro-silurumråde preg vitringsjord utforminga av dyrkingsbakkar og skrenter. Formasjonar i fast fjell er rotne.

#### Mangfald:

Det førekjem fleire avsetningstypar, men berre unntaksvis er desse landformene framtreidande nok i landskapet til at ein vil oppfatta det som mangfaldig. Regionalt mangfald er difor lågt. Morfologiske trekk i berggrunnen dominerar og vekslinga av slike former kan verka mangfoldig.

#### Inntrykksstyrke:

Små punktavsetningar dominerar og dei har liten inntrykksstyrke. Lokalt kan landskap danna under yngre Dryas framstøytet vera framtreidande ogkontrastfylt, men dette er regionalt atypisk.

#### Heilskap:

Kommersiell utnytting av ein del punktavsetningar (stort sett smeltevassavsetningar og nokre få store steinbrot) har fleire stader ført til nedsett heilskap.

## **Vegetasjon**

Vegetasjonen i regionen er artsrik og her vil forekoma edellauvskog og ikkje vinterhard flora. Kystfureskog vil ein og finna. Artssamansetjinga er i stor grad avhengig næringstilgangen og med det ulike typar berggrunn. I grunnfjellsområda er vegetasjonen langt fattigare enn i område med fyllittar og kalkhaldige skifre. Sunnhordland og delar av Ryfylke har mest variert vegetasjon og her kan det forventast større mosaikk i vegetasjonbiletet. Slike område ligg langt over snittet for regionen

### **Mangfald:**

Stort mangfald danna av ulike vegetasjonstypar i kambro-siluroområda og delar av kaledonidene. I grunnfjellsområde moderat til lågt mangfald.

### **Inntrykksstyrke:**

Det er ulike typar kulturskogar som gjev mest inntrykksstyrke.

### **Heilskap:**

I regionen er det planta mykje gran. Dårleg utforma plantefelt (frimerkefelt) som og har ein framtrudande plass i landskapet forringar sterkt heilskapen.

## **Vatn og vassdrag**

Regionen kan seiast å vera vassrik då ein har mange vatn, elver og grøver. Dei fleste av vatna i regionen er små og strukturbetinga. Strandlinja er ujamn med viker og nes og mange stader fine våtmarkar, bergformasjonar og skogtypar rundt som gjev fin opplevingsverdi. Vassdraga er korte, men har likevel relativt stor vassføring i perioder med nedbør, og det er ofte. Vassføringa vekslar fort då ein har liten magasinering. I åslandskap krøkjer elvane seg gjennom strukturane i berggrunnen, her er stor variasjon. Fossefall er lite vanleg, der det finnst har dei liten fallhøgde.

### **Mangfald:**

Her er høgt regionalt mangfald.

### **Inntrykksstyrke:**

Vassdragsnaturen kan seiast å vera inntrykkssterk pga interaktive opplevingar med spesielle vegetasjonstypar og bergformasjonar.

### **Heilskap:**

Harmonisk og tiltalende vassdragsnatur er vanleg.

## **Jordbruksmark**

Regionen har mange småbruk og jordbruksareala ligg kupert og småskala-arrondert til. Unntak i Møre og Romsdal der areala jamnt over er meir storskalert der det ligg i dei breide fjordlidene. Jamvel om det meste av arealet fortsatt vert hevda er mange bruk nedlagt (leigejord). Kjem ein tett innpå vil ein sjå tendensar til smøraugeslått med forhaustar, og kantareala veks til. I opent fjordlandskap har jordbruksmarka ein framtrudande plass i landskapet, i småkupert lende mindre framtrudande. Det finnst framleis mange fine og på eit vis stelte kulturmarkar i jordbrukslandskapet, og Ryfylke, Hordaland og Sunnfjord utmerker seg.

### **Mangfald:**

Jordbrukslandskapet er regionalt mangfaldig.

### **Inntrykksstyrke:**

Der det er god hevd gjev det sterke inntrykk. Har jordbrukslandskapet ein framtrudande plass i landskapet, eller står i sterk motsetnad til naturlandskapet, kan det verka kontrasterande og på denne måten vera inntrykkssterk. Ujamn og uoversiktleg terreng dempar mange stader jordbrukets visualitet.



Heilskap:

God heilskap. Smøraugeslått og dårleg hevding av beitene nedsett heilskapen. Tilgrodd kulturlandskap. Ikkje vedlikehalde bygningsmasse på gardane likeså.

### **Busetnad**

Regionen har relativ stor busetnad. Ein "pietistisk" befolkning er svært flinke til å halde eigedomane i god stand slik dei har vore, og mange (noko eldre) bygningsmiljø er prega av stor grad av autentisitet. Her førekjem tradisjonelle vestlandsstilar. Mange påkosta bygningar med pengar frå sildefisket. Dei beste miljøa ligg i Sunnfjord, Hordaland med unntak av bynære strøk og Ryfylke.

Mangfald:

I skjeringspunktet mellom kyst og fjord er det høgt mangfald av bygningstypar.

Inntrykksstyrke:

Autentiske miljø gjev langvarig positive opplevingar og difor relativt sterke opplevingar. Særpreg.

Heilskap:

Her er god heilskap. Unntak er store delar av Sunnmøre og bynære strøk i Hordaland.

## 7.3

### REGION 22

#### Landform

Relieffet i regionen vert meir storskala og artikulert samanlikna med region 21. Høgdeskilnader frå fjord til fjell opp mot 8-1500m. Den mest ekstreme høgdeskilnaden er ikkje typisk for regionen. Fjord- og dalformer for det meste sterke tydlege former. Fjordløpa er enkle med forholdsvis strake løp, dei kan vera forgreina. Her er få øyer. Fjordlida er markerte, unntaksvis er fjordtrauet i ferd med å løyse seg opp i småformer. Dalar er som regel sterkt u-forma og landskapet prega av iserosjon. I det heile er isskulptureringa av landformen langt sterkare samanlikna med region 21 og flotte u-dalar er vanleg å sjå (t.d. Jølster). V-forma dalar førekjem, men er ikkje vanleg. Unntaksvis botnar og hengjande dalar. Unntaksvis alpine fjellformer og brelandskap.

#### Mangfald:

Etterkvart som terrenget vert meir storforma går mangfaldet i lokallandskapet ned og vert meir enkeltforma. Regionalt er det likevel eit stort mangfald og dette vert slik fordi det er ein del underregionale formunntak som t.d. Sunnmørsalpane, Devonbassenga og sprekkefjordane i Rogaland for å nemne nokre av dei.

#### Inntrykkstyrke:

Større kontrastverknad gjev sterke inntrykk. Der det er dramatiske landformer og svært høg inntrykkstyrke.

#### Geologisk innreiing

Regionen har eit relativt høgt mangfald av ulike fjellformasjonar og lausmasseavsetningar, inkludert skredtypar. I lokallandskapet bør desse innta ein framtrødande plass. Bunnmorene avsetningar er vanleg i dalbotnar og er mange stader eit framtrødande trekk

#### Mangfald:

Mangfaldet av formtypar er middels stort

#### Inntrykksstyrke:

Høg inntrykksstyrke av enkeltformer og avsetningar

#### Heilskap:

Heilskapen er nedsett der mineral og lausmasseuttak påverkar landskapet. Dette er eit vanleg regionalt trekk.

#### Vegetasjon

Innslaget av edellauvskog kan vera stort, men sur jord gjev ujamne forekomstar og i område med grunnfjell dominerar bjørk og oreskogar heilt. Unntaka er Sunnhordland og Ryfylke der næringsrike avsetningsbergartar gjev stort innslag edellauvskog, men her og er variasjonane store lokalt. Innslaget av oseanisk flora er sterkt redusert.

#### Mangfald:

Regionalt er det liten mosaikk i vegetasjonsbiletet, men heilt einsforma skoglida finn ein berre unntaksvis. I søndre del av regionen langt større variasjon. Bjørkeskoglidene kan verka monotone og lite variert.

#### Inntrykkstyrke:

Ulike typar kulturskog og nokre grove fureskogar gjev sterke inntrykk.

#### Heilskap:

I regionen førekjem mykje planta granskog med uheldig plassering og lite tiltrekjande linjering i landskapet. Slike stader vert heilskapen broten.

### **Vatn og vassdrag:**

I regionen er det ferre vatn samanlikna med region 21, men dei er større. Her er og svært store vatn forma som fjordsjøar. Dei fleste av vatna ligg i daltraua og har enkel utforming, mange av dei ligg i jordbrukslandskapet. Vassdraga i regionen har sitt utspring i fjellområda og dei har jamnt over stor vassføring. Fossar førekjem, men er ikkje eit vanleg trekk i regionen. Elvelægjer ofte uryddige med blokker, stryk vanleg.

Mangfald:

Lågt mangfald, då dei fleste er u-dalssjøar med lik utforming

Inntrykkstyrke:

Inntrykksterke vassdrag og fjordsjøar då her er fine kontrastar. Sjeldan er vassdragsnaturen dramatisk.

Heilskap:

Svært mange vassdrag er regulert og dette bryt sterkt heilskapen. Sameleis for fyllingar i strandlinja, det er nesten eit regionalt trekk. Kortare vassdrag er ikkje berørt og her vil ein finne god heilskap.

### **Jordbruksmark:**

Dette er den store jordbruksregionen på Vestlandet og jordbruksmarka har ein framtradande plass i landskapet. Det er etterkvart vorte vanleg med storarronding av areala mange stader, noko som har ført til forenkla mangfald i jordbrukslandskapet.

Mangfald:

I det moderniserte jordbrukslandskapet er mosaikken som vert danna av dei ulike arealtypene redusert samtidig som kulturmarkstypene i utmarka gror att, mangfaldet kan seiast å vera lågt i dette landskapet. I det gamaldagse drivne jordbruk vert det beita meir intensivt i utmarka nær garden og her er langt flere kulturmarkstypar. Saman med kantvegetasjon og vassdrag gjev dette større mosaikk og med det mangfald.

Inntrykkstyrke:

I fjordlida og dalar med mykje jordbruksmark der det kontrasterar sterkt til storslage natur gjev det sterke inntrykk.

Heilskap:

Forenkla arronding i jordbrukslandskapet har mange stader ført til nedsett heilskap.

### **Busetnad**

Regionen har hatt stor byggjeaktivitet dei siste 20-åra. Dette har ført til stor stilblanding der nybygg mange stader på ein uheldig måte bryt det eksisterande bygningsmiljøet. Bl.a. ligg mange private bustader og byggjefelt i jordbrukslandskapet. Problemet er størst nær bygdebyar og industristader. Intakte bygningsmiljø har difor stor verdi

Mangfald:

Middels stort mangfald, jordbruksrelatert busetnad dominerar. Byggnader i utmark er på det næraste borte i landskapet. Høgt mangfald av stilartar i ferdighusdelen.

Inntrykkstyrke:

Inntrykkstyrken er mange stader nedsett av brote heilskap, men unntak finnst underregionvis i Sunnfjord, delar av Hordaland og Ryfylke.

Heilskap:

Redusert heilskap er vanleg.

## 7.4 REGION 23

### Landform

I nasjonal samanheng er relieffet ekstremt, frå 1500 til 18-1900 m, einskilde stader meir enn det. Fjord- og daltrau er på sitt djupaste, fjellsider er svært bratte, enkle rette løp eller svakt svingande. Tindar er høge, massive og markerte, og utsyn til årvisse fenner i fjellet og brear er vanleg i regionen. Bredalar i låglandet har eineståande kvalitetar. Hengjande dalføre og botnar er vanleg.

#### Mangfald:

Middels til lågt mangfald, nokre få ulike daltypar. Enkle storformer dominerar heilt og i landskapsområdet er landformen ikkje samansett.

#### Inntrykkstyrke:

Den djupe landformen verkar sterkt kontrasterande på andre element i landskapet. Svært høg inntrykkstyrke då ein har stor dramatik i landskapet.

#### Heilskap:

Mange stader nedsett ved hensynslaus vegbygging i fjordlidene. Fyllingar i sjøen

### Geologisk innreiing

I indre strøk på Vestlandet er det eit stort mangfald av skredtypar, formasjonar i fjell og laus massetypar frå isavsmeltingstida. Stor landheving er orsak til ulike former i dalbunnen og terrassering av lausmassar i dalmunningar er eit framtrédande regionalt trekk. Få breelavsetningar er intakt. Terrassereiner som tidlegare vart beita og var snaue, evt. brukt som hamnehage, veks no til med skog.

#### Mangfald:

Svært høgt. Veldig lik komposisjon gjennom heile regionen.

#### Inntrykkstyrke:

Svært inntrykksterk. Tydlege store former med framtrédande tekstur. Stor, romleg dimensjon.

#### Heilskap:

Mange brot med grustak, graving i skredavsetningar og vegbygging. Store skotasteinfyllingar på elvedelta i heile regionen.

### Vegetasjon

Bratt lende, høgare sommertemperaturar og mindre nedbør skapar større mosaikk i skogs vegetasjonen med bl.a. turrbakkar. Innslaget av edellauvskog kan vera stort lokalt, serleg almeskog, men dette er avhengig berggrunnen. Fureskog på skrin jord. I område med grunn fjellsbergartar dominerar bjørkeskog eller fureskog på dei lægste bonitetane.

#### Mangfald:

Middels mangfald med lokalt betydeleg innslag av edellauvskog. Store teksturelle skilnader mellom bar- og lauvskog. Mange ulike kulturskogtypar.

#### Inntrykkstyrke:

Høg inntrykkstyrke. Der skogen klamrar seg fast i bratthengene er det fine komposisjonar. Hamnehagane som framleis er i drift har spesielt høg inntrykkstyrke.

Heilskap:

Redusert beite, nermast manglande lauving, rydding og hogst påverkar kulturskogen negativt. Granplantefelt kan redusera heilskapen der dei er framtreddande.

### **Vatn og vassdrag**

Vassdraga utmerkjer seg ved stor vassføring. Mykje fall i dalbotnen gjev lange strykstrekningar og kvit vatn er fast visuelt innslag. Høge fossar i dalendene er det mest framtreddande elementet i dette landskapet og regionen er internasjonalt kjendt for det. Mange stader har vasskraftutbygginga påverka vassdragsnaturen med sterkt redusert vassføring og store inngrep i dallandskapet med t.d utrettingar av elvelægje og forbyggingar er eit vanleg trekk regionalt. Vatna førekjem som fjordsjøar og har imponerande storleik og romverknad.

Mangfald:

Lågt mangfald.

Inntrykkstyrke:

Særs inntrykksterk

Heilskap:

Redusert heilskap regionalt på grunn av regulering, utretting og forbygging av elveløp. Attverande urørt elve- og fosselandskap av uvurderleg stor betydning for nasjonal landskapskvalitet.

### **Jordbruksmark**

Jordbrukslandskapet har spennvidde og i regionen er mange brukstypar. Frå typiske fjordgardar med frukt dyrking til dale- og fjellgardar med smale, geit og kyr. Hylle- og høgdegardar er spesielt trekk ved regionen. Mykje tungdrivne, bratte bruk, lite av marka har fått moderne arrondering. Kulturmarkstypar syner mange stader fine kvalitetar. Jordbrukslandskapet i regionen er under stort press, det vert lagd ned mange bruk. Ein må rekna med at mangfaldet og inntrykkstyrken av jordbrukslandskapet vil avta betydeleg pga. færre driftsformer og bruksnedleggjing.

Mangfald:

Her er (enno) stort mangfald regionalt.

Inntrykkstyrke:

Her er bratt mange stader, og marka er soleis godt eksponert. Sterke kontrastar til den mektige naturen. Høg inntrykkstyrke.

Heilskap:

God heilskap mange stader, men redusert eller opphøyrtdrift påverkar sterkt vanskeleg drivne arealar og kulturbeitene.

Heilskap:

God heilskap dei fleste stader, men attgroing av areala er eit stort problem

### **Busetnad**

Blanda kvalitetar i bygningsmiljøet. Beste kvalitetane finn ein i fruktbygdene i Hardanger der det jamt over er god heilskap og autentiske miljø, meir unntaksvis finn ein dette i resten av regionen. Sveitserstilbygningar og nokre stavkyrkjer gjev delar av bygningsmassen stort ry.

Mangfald:

På grunn av framtreddande stilartar og ulike driftstypar middels høgt til høgt mangfald. Framleis mange byggnader i utmarka.

**Inntrykkstyrke:**

Enkelte objektar kan ha sers høg inntrykkstyrke. Inntrykksterkt er og busetnaden i fruktdistriktene, meir unntaks vis i dalane. Der den storforma naturen er dramatisk og sterkt kontrasterande er busetnaden inntrykksterk nesten uansett kor fæl han ser ut.

**Heilskap:**

Her er unntak, men regionalt har mykje av busetnaden redusert heilskap. Serleg har ein vore lite kritisk til stilbrot. T.d. har mest kvart sveitserstilhotell ein grusom betongkloss i hagen bak. Også bensinstasjonar har ein tendens til å hekte seg på anna stilfull bygningsmasse. Nye veganlegg kan virke inngrepsprega i fjordlandskapet og bygdene.

**Litteratur:**

Elgersma, A. 1996. Landskapsregionar i Norge med underregioninndeling. M 1 : 2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. 1998. Landskapsregionar i Norge med underregioninndeling. Revidert utgåve. Målestokk 1 : 2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. 1998. Landskapskart over Hordaland med landskapsregionar og underregionar. Revidert utgåve. Målestokk 1 : 300 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. & Asheim, V. 1998. Landskapsregioner i Norge, beskrivelser. rapport 2-98. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. & Bruun, M. 1998. Regionalisering og evaluering av landskap. Upub. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.